



KONKURRANSETILSYNETS

ÅRSRAPPORT 2022

Innhald

1 Melding frå leiar	3
2 Introduksjon til verksemda og nøkkeltal	6
2.1 Samfunnsoppdrag og mål.....	6
2.2 Organisering og leiing.....	7
2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapen.....	8
2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal	9
3 Aktivitetar og resultat.....	10
3.1 Bruk av resultatkjede.....	10
3.2 Oppnådde resultat	12
3.3 Ressursbruk	15
3.4 Kartellavdekking og ulovleg samarbeid.....	16
3.5 Misbruk av dominans	19
3.6 Fusjonskontroll	21
3.7 Daglegvaremarknaden	25
3.8 Konkurransen i ein digital økonomi.....	30
3.8.1 Maskinlæringsplattform	30
3.8.2 Marknadsetterforskningsverktøy	31
3.8.3 Algoritmar.....	31
3.9 Pådrivar for konkurranse.....	31
3.10 Internasjonalt arbeid	34
3.10 Miljø og berekraft.....	36
3.11 Konkurransedefagleg forskning og utgreiing	38
4 Styring og kontroll i verksemda.....	39
4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.....	39
4.2 Bemanning og organisasjon	40
4.3 Inkludering, mangfald og likestilling.....	42
4.4 Bruk av konsulentar og kommunikasjonstenester	46
4.5 Tryggleik og beredskap.....	47
5 Vurdering av framtidsutsikter	48
6 Årsrekneskap	50
6.1 Kommentar frå leiinga.....	50
6.2 Prinsippnote	51
Vedlegg 1 - Det alminnelege prisreguleringsfondet - Årsrekneskap.....	61
Vedlegg 2 - Det alminnelege prisreguleringsfond - Rapportering på prosjekt.....	64



1 Melding frå leiar

Då eg tiltredde som konkurransedirektør 1. februar i fjor kom eg til ein organisasjon med mål om å effektivt handheve konkurransereglane og føre-byggje lovbrøt ved pådrivararbeid. Det vart raskt klart for meg at dei dyktige medarbeidarane i tilsynet har lukkast godt med denne målsetjinga. Bedrifts-undersøkinga vår i 2021/22 bekrefta at fleire marknadsaktørar enn før veit at dei skal følgje konkurransereglane, og at oppkjøp som er for skadelege for konkurransen ikkje vert akseptert.

Men verda endrar seg, og Konkurransetilsynet vert stadig utfordra. Tjueto dagar etter at eg tiltredde som konkurransedirektør invaderte Russland Ukraina. Ein ny geopolitisk situasjon førte til stigande inflasjon, høge straum-prisar, og høge daglegvareprisar. Slikt tyngjer familieøkonomien så vel som næringsverksemd, og skapar forventningar til at tilsynet kan gjere noko med dei høge prisane, til dømes å regulere dei.

I denne situasjonen er det viktig å hegne om det marknaden og konkurransen betyr. Diverre gir ikkje dette raske løysningar, men over tid er det å sikre velfungerande konkurranse det beste for både næringsliv og forbrukarar. Medan føretak ser profittkurva vende nedover, har tilsynet vore tydeleg på at føretaka ikkje må utnytte krisa som ei orsaking for å signalisere til konkurrentar at det er behov for å auke prisane. Tilsynet har vore kritisk til støt-teordningar som kan kvele konkurransen i marknaden, men positiv til mål-retta tiltak, så sant dei ikkje er utforma på ein måte som vrir konkurransen. Vi har òg sagt at støtte kan vere viktig i nokre marknader for å unngå lang-varig konkurranseskade.

Men det er ikkje berre krig som utfordrar arbeidet til tilsynet. Ei av dei store samfunnsutfordringane nasjonalt og globalt er knytt til det å realisere ei berekraftig utvikling. I tilsynet ser vi at konkurransepolitikken er viktig for å få til ei grøn omstilling av norsk økonomi, og vi arbeider for at handhevinga vår skal støtta opp under det grønne skiftet.

Ei anna, meir særnorsk utfordring, handlar om daglegvaremarknaden. I denne marknaden har det over lang tid vore konkurranseutfordringar, høgare prisar og dårlegare utval enn i nabolanda våre. Tre store daglegvarekjeder har vore tilnærma einerådande i lang tid. På leverandørsida er talet på aktørar forholdsvis lågt innan fleire produktkategoriar. Samstundes er etableringshindringane for nye aktørar høge. Konkurransetilsynet, som har følgd marknaden tett over mange år, ser at løysningar krev at utfordringane blir sett i samanheng. Medan vi er kritiske til forslag om regulering som kan dempe tøffe forhandlingar mellom aktørane, har vi mellom anna teke til orde for nye reguleringsformer, forbod mot klausular som gjer det vanskeleg for kjeder



"Store og raske geopolitiske omveltingar, galopperande prisutvikling og inflasjon gjer det tydeleg at konkurransepolitikk er eit viktig verktøy for å løysa utfordringane samfunnet står overfor."

Tina Søreide,
Konkurransedirektør

å finne butikklokale, ei ny vurdering av importvernet, og at statlege konkurransefremjande støtteordningar i meierisektoren må få halde fram. For å fremje konkurransen, er det likevel handheving av konkurranselova som er det viktigaste for tilsynet.

Vidare ser vi at den teknologiske utviklinga i mange marknader gjer at føretak kan dele og bruke store mengder data på måtar som kan skade konkurransen. Særleg ser vi at bruken av prisingsalgoritmar kan gje høgare prisar i ein marknad, utan at konkurrentar avtaler koordinering. Samstundes må vi sjølv nytte dei moglegheitene som den teknologiske utviklinga gir for å effektivisere handhevinga vår. Tilgang til data, evne til å analysere data, høve til å kombinere data frå ulike informasjonskjelder, kompetanse til å forstå og analysere nye forretningsmodellar og korleis føretaka nyttar digitale verktøy og informasjon blir sentralt i tida framover. Vi må ha analyseverktøy, rett kompetanse, og vere organisatorisk tilpassa nye utfordringar.

Ei sentral oppgåve for meg som konkurransedirektør er å arbeide for at tilsynet er førebudd for framtida. Å være førebudd for 2030 er ein ambisjon som inngår i den nye strategien vår for 2022 til 2027. Strategien har tre generelle hovudmål: vi skal vere målretta i handhevinga, vi skal vere ein klar og tydeleg pådrivar, og vi skal vere ein føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar. I tillegg har vi bestemt oss for nokre strategiske satsingsområde for tida fram til 2025 knytt til daglegvareprisar, grøn omstilling og nye teknologiske utfordringar.

For å fremje kjennskap til reglane i 2022 har Konkurransetilsynet sine medarbeidarar delteke på ei rekkje konferansar og arrangement, der vi òg får høyre andre perspektiv på arbeidet vårt. Vi har publisert mange pressemeldingar om arbeidet vårt, og får stor merksemd i media, noko som er reflektert i meir enn 4200 medieoppslag. I løpet av året hadde vi heile 30 kronikkar på trykk i norske aviser. Vi har produsert fleire podkastar for å auke kunnskapen om konkurranselovgjevinga. Vi har òg vore med på fleire webinar, der nokre er produsert i samarbeid med hovudorganisasjonen Virke. Vi brukar sosiale medium og nettsida vår konkurransetilsynet.no for å formidle korleis lova er å forstå og kva som er naudsynt for å fremje konkurranse. Frå bedriftsundersøkingane våre veit vi at kjennskap til konkurranselovgjevinga er lågare hos små og mellomstore føretak, og difor er det viktig for oss å samarbeide med bransjeorganisasjonar, og slik nå ut til medlemsføretaka deira.

Men det er ikkje berre næringslivet som må kjenne reglane. Arbeidet og oppslutninga vår er avhengig av gode relasjonar med andre offentlege etatar. I 2022 har vi utvida samarbeidsflata vår både nasjonalt og internasjonalt, slik at vi vert endå betre posisjonerte til å ta hand om samfunnsansvaret vårt.

I handhevinga vår har det vore viktig for meg at tilsynet skal vere kjend for ein effektiv fusjonskontroll. Vi skal kunne krevje informasjon og gripe inn mot strukturelle endringar som kan avgrense konkurransen. I 2022 fekk vi inn 160 alminnelege meldingar, meir enn nokon gong. Rundt 98 prosent av slike saker vert avslutta innan 25 vyrkedagar, medan to prosent treng ei grundigare vurdering. I 2022 forbaud vi ingen oppkjøp, men tre fusjonar vart godkjende på vilkår. Vi opplever ei auke i talet på fusjonar og oppkjøp. Samstundes veit vi at det er ei kraftig auke i talet på konkursar. Sidan det er ei krevjande tid for mange føretak, er det grunn til å tru at trenden vil halde fram, og det vil nok prege fusjonskontrollen vår framover.

Konkurransetilsynet sine etterforskingssaker er omfattande, og varer som regel i fleire år. I 2022 avslutta vi to saker, ei sak om matbestillingsplattforma Foodora og ei i forlagsbransjen. Saka mot Foodora, som leverer mat til kundar frå restaurantar, vart avslutta ved at selskapet gjekk med på at dei ikkje skulle ha eksklusivavtaler og ekskluderande praksis overfor restaurantar. Slik kan andre matbestillingsplattformer lettare få innpass i marknaden. I den andre saka, mot dei fire største forlaga i Noreg og bokdatabasen Bokbasen, vedtok tilsynet å gje aktørane eit straffegebyr på til saman 545 millionar kroner for brot på konkurranselova. Konkurransetilsynet si vurdering var at dei hadde ulovleg utveksla informasjon om framtidige bokprisar og annan konkurransesensitiv informasjon gjennom eit abonnement i Bokbasen.

I 2022 gjennomførte tilsynet nye bevissikringar i fleire marknader, mellom anna i marknadene for entreprenør- og finansielle tenester, og har starta arbeidet med nye saker som vert omtala seinare i rapporten.

Sjølv om Konkurransetilsynet grip inn mot mange lovbrøt, ser vi òg at vi kjem til kort i nokre marknader med konkurransehindringar fordi vi ikkje kan påvise ulovleg praksis. I 2022 føreslo Konkurransetilsynet at vi bør få utvida heimel i form av eit marknads-etterforskningsverktøy, slik at vi kan gjere noko med alvorlege konkurransehindringar som ikkje er omfatta av lovgjevinga i dag. Fleire land har slik utvida heimel, mellom anna Storbritannia og Island, og fleire andre land i Europa vurderer tilsvarende verktøy, slik som Tyskland og Danmark.

I tillegg har vi stilt spørsmål ved om dei eksisterande moglegheitene for å sanksjonere lovbrøt er tilstrekkelege. Då eg tiltredde som konkurransedirektør såg eg at vi bør kunne sikre konsekvensar for individa bak konkurranselovbrøt, og ikkje berre føretaka. Her har vi teke til orde for sivilrettslege konsekvensar mot individ, som personleg gebyr eller karantene for leiarar, tilsvarende det Finanstilsynet og Forbrukertilsynet har.

Men anten vi får nye verktøy, arbeider på nye måtar eller tar tak i nye utfordringar, skal vi ivareta samfunnsoppdraget vårt i tråd med dei sentrale kjerneverdiane våre. Vi skal vere synlege, arbeide effektivt, og utnytte ressursane våre på ein god måte. Vi skal halde eit høgt fagleg nivå i alle ledd og på alle område av tilsynsverksemda. Alle som er i kontakt med Konkurransetilsynet skal behandlast profesjonelt og med respekt. Dette gjeld ikkje minst når vi møter bransjeforeningar eller partane og representantane deira i pågåande saker. Vi lyttar òg til dei som har andre meiningar enn oss, og vi er opne for at vi kan forbetre oss. For tilsynet er dei jamlege dialogmøta med Advokatforeningen sitt lovutval for konkurranserett viktig og verdsett i så måte. Den gode dialogen vi har internasjonalt, med andre land sine konkurransestyresmakter, og gjennom mellom anna det nordiske og europeiske konkurransesamarbeidet, er viktig for at vi skal gjere ein betre jobb som tilsyn.



Tina Søreide
Konkurransedirektør

2 Introduksjon til verksemda og nøkkeltal

2.1 Samfunnsoppdrag og mål

Konkurransen er eit verkemiddel som bidreg til effektiv ressursbruk og velfungerande marknader. Forbrukarane og næringslivet får eit betre tilbod av varer og tenester, med betre kvalitet og lågare prisar. Konkurransen bidreg til at norske bedrifter vert meir konkurransedyktige, både heime og internasjonalt. Aktiv konkurransepolitikk bidreg òg til omfordeling, og er avgjerande for at den norske modellen for lønnsdanning skal verke etter hensikta. Samtidig er det ei erkjenning at marknadene er i endring. For Konkurransetilsynet vert det viktig å ha rett kompetanse og dei rette reiskapane slik at utfordringane og moglegheitene som den digitale økonomien representerer kan adresserast på ein målretta måte.

Konkurransetilsynets strategiplan 2022-2027

1. Å handheve konkurranselovgjevinga

Konkurransetilsynet har ansvaret for å sørge for at konkurranselova og reglane i EØS-avtalen vert etterlevd. Konkurranselova forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen og misbruk av ei dominerande stilling. Føretak har plikt til å varsle tilsynet om fusjonar og oppkjøp, og tilsynet kan gripe inn dersom dei er skadelege for konkurransen.

2. Å vere ein pådrivar for konkurranse

Å vere ein pådrivar for konkurranse betyr å vere merksam på og påpeike konkurransehemmande effektar av offentlege ordningar og reguleringar, og å fremje forslag for å styrke konkurransen. For å forhindre konkurranseavgrensande åtferd, er det viktig å ha ei tydeleg og synleg konkurransestyresmakt i offentlegheita. Dette vil bidra til auka forståing for kvifor konkurranse er viktig, og korleis det kan fremje økonomisk vekst og velferd.


Strategiplan

For perioden 2022-2027 har Konkurransetilsynet definert tre strategiske målsetjingar med delmål for kvar av dei. Nokre strategiske utfordringar må handterast innanfor eit kortare tidsperspektiv i form særlege av strategiske satsingar. Figuren viser strategiplanen i kort form. Årsrapporten viser korleis tilsynet har oppnådd dei strategiske måla sine i 2022, og set aktivitetane og resultatane i eit fleirårig perspektiv.

KONKURRANSETILSYNET SIN STRATEGIPLAN 2022-2027	
 VISJON	Profesjonelt tilsyn førebudd for 2030
 KJERNEVERDIAR	Fagleg · Effektiv · Synleg
 STRATEGISKE MÅL 2022-2027	Målretta i handhevinga
	Klar og tydeleg pådrivar
	Føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar
 STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDER 2022-2025	Handheving i den digitale økonomien
	Berekraft gjennom konkurranse
	Styrke konkurransen i daglegvaremarknaden
	Vere ein attraktiv og fleksibel arbeidsplass

2.2 Organisering og leing

Konkurransetilsynet er organisert med tre marknadsavdelingar som har ansvar for kvar sine marknader. Vidare har tilsynet tre fagstabar med spesialistkompetanse på konkurranserett, konkurranseøkonomi og etterforskning. I tillegg har vi ein kommunikasjonsstab og ei administrasjons- og organisasjonsavdeling.



Leiinga i Konkurransetilsynet består av konkurransedirektør, sjeføkonom, juridisk direktør, etterforskningsdirektør, direktørane for marknadsavdelingane, kommunikasjonsdirektør, direktør for eksterne relasjonar og administrasjons- og organisasjonsdirektør. Nytt i 2022 er tiltreding av konkurransedirektør Tina Søreide.

Konkurransetilsynet held til i kontorlokale i Zander Kaaes gate, sentralt i Bergen.


Overordna departement og klageorgan

Konkurransetilsynet er eit statleg forvaltningsorgan, underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD), og er sikra sjølvstende ved handhevinga av konkurranselova gjennom lovfesta avgrensingar i instruksjonsretten til departementet. I 2017 vart det oppretta eit nytt uavhengig forvaltningsorgan for å handsame klager over dei vedtaka og avgjerder tilsynet fattar i første instans (med unntak av vedtak etter pristiltakslova) - Konkurransklagenemnda (KKN). For vedtak fatta før 1.april 2017, gjaldt at NFD handsama klager på vedtak som ikkje gjaldt gebyr, medan vedtak om gebyr vart overprøvde direkte for domstolane.

2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapan

Nøkkeltala frå tabellane og diagrammet under er basert på definisjonar frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Konkurransetilsynet har inga verksemd som gir omsetning. Som tabellen under viser, utgjer lønnsutgiftene den største delen av budsjettet, med 75,6 %.

Konkurransetilsynet 091101	2019	2020	2021	2022
Utførte årsverk ¹	90,9	96,8	91,6	83,75
Samla tildeling post 01 (NOK)	123 453 000	121 858 000	126 538 000	129 391 000
Driftsutgifter (NOK)	122 840 124	118 841 515	121 117 537	124 863 237
Utnyttingsgrad av tildeling	99,5 %	97,6%	95,8%	96,6%
Refusjonar lønn (NOK)	3 595 638	3 711 152	2 954 108	3 379 558
Lønnsdel driftsutgifter	72 %	77,5%	78,6%	75,6%
Lønnsutgifter pr årsverk (NOK)	972 861	952 163	1 039 395	1 126 832



Årsverk	2019	2020	2021	2022
Tal på utførte årsverk	90,2	96,8	91,63	83,75
Avtalte årsverk ²	102	109	105	98
Tal på tilsette ²	104	110	106	100
Tal på arbeidsforhold ²	102	110	106	100

¹ ca årsverk for 2018-2022 er berekna etter definisjon frå PM-2019-13 (<https://lovdata.no/dokument/SPHPM/pm2019-13>).

² Kilde 2018-2019: SSB, Tabell 12623, per 20.1.21. Oppdatert etter førre årsrapport. Kilde 2020-2022: DFØ Fagbrukerinnsett. Som tal på arbeidsforhold er det brukt tal på stillingar.

³ Beløp som kjem fram i vedtak. Ikkje justert for lemping, klageutfall eller manglande betalingsevne. I del 3 finn ein meir informasjon om status og utfall i saker etter klager, mm.

2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal

Nøkkeltal som gjeld Konkurransetilsynet er presenterte i tabellane nedanfor. Tabellane viser tal på saker til vurdering (aktivitetane våre i samsvar med resultatkjeda), tal på inngrep, avgjerder og høyringsfråsegner (produkta og tenestene våre i samsvar med resultatkjeda), samt størrelse på gebyra. I del 3 blir desse knytt opp mot effektane og det blir presentert fleire tal om ressursbruk og mål.

Mottekne saker	2019	2020	2021	2022
Meldingar om fusjonar og oppkjøp (§16)	107	93	156	160
Tips om konkurranseskadeleg åtferd og lovbrøt (§§10/11)	434	379	377	328
Lempingssøknader	4	2	2	4
Mottekne høyringar	118	124	155	129

Etterforsking	2019	2020	2021	2022
Bevissikring § 25 - saker/stader	2/6	1/2	2/8	4/11
Forklaringsopptak § 24 - saker/tal	6/39	3/6	0	1/5

Vedtak, avgjersler og fråsegner	2019	2020	2021	2022
Inngrep mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	3	1	2	0
Tal på meldingar om fusjonar og oppkjøp trekt av partane etter varsel om mogleg inngrep (§ 16)	1	0	1	0
Avgjersler om å ikkje gripe inn i fusjonar og oppkjøp (§ 16)	1	1	0	0
Vedtak om lovbrøtsgebyr grunna konkurranseskadeleg åtferd (§§ 10/11)	1	1	0	1
Vedtak om avhjelpande tiltak (§§10/11, § 16)	0	2	1	4
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	1	3	0	10
Høyringsfråsegn	8	15	6	13
Vedtak om lovbrøtsgebyr i forbindelse med etterleving av meldingsplikt til fusjonskontroll	0	2	1	0

Lovbrøtsgebyr i vedtak (TNOK) ³	2019	2020	2021	2022
Konkurranseskadeleg åtferd	467 300	766 000	0	0
Fusjonskontroll: Brot på gjennomføringsforbod / opplysningsplikt / meldeplikt	0	0 ⁴	3 000	0

³ Beløp som kjem fram i vedtak. Ikkje justert for lemping, klageutfall eller manglande betalingsevne. I del 3 finn ein meir informasjon om status og utfall i saker etter klager, mm.


⁴ Talet er forskjellig frå Årsrapport 2020, då vedtaka blei trekt tilbake etter klage til Konkurransklagenemda.

3 Aktivitetar og resultat

3.1 Bruk av resultatkjede

For å vise samanhengen mellom ressursbruk og resultat nyttar vi ei resultatkjede. Den viser korleis tildelte midlar blir nytta på ulike aktivitetar for å oppnå best mogleg effekt for tenestene eller produkta våre, for ulike brukarar og for samfunnet. Ei viktig brukargruppe er aktørar i næringslivet og representantane deira. Ei anna brukargruppe er politikarar og lovgjevarar, som vi ønskjer å gje ei god forståing av korleis reguleringar kan påverke konkurransen. Lågare prisar og betre produkt og utval for forbrukarar er ein effekt av arbeidet vårt og vil ha positive samfunnsmessige konsekvensar.

Å kvantifisera slike effektar i samfunnet er komplekst. Forholdet mellom aktivitetane og samfunns-effektane er ikkje eintydige. Nokre effektar er indirekte, nokre merkar ein berre gradvis, og mange effektar er vanskelege å talfeste. Men resultatkjedemodellen hjelper oss likevel å vise samanhengen mellom innsatsfaktorar, aktivitetar og resultat.



INNSATSAKTORAR

Samla tildeling for 2022 var 129,391 MNOK. Dei tilsette er den viktigaste ressursen vår. I 2022 arbeidde desse til saman 82,58 årsverk, og 75,7 prosent av dei tildelte midlane gjekk til lønn.

AKTIVITETAR

Dei tilsette passar på at føretak ikkje samarbeider på ein måte som avgrensar konkurransen. Dei hentar inn informasjon om marknader, og analyserer om føretak konkurrerer på ein lovleg måte og til fordel for forbrukarar. Tilsynet vurderer mottekne tips og klager på moglege lovbrøt, og rettleier føretak og advokatar i konkurranseregulverket. Tilsynet vurderer i tillegg om oppkjøp eller fusjonar kan gjennomførast utan at blir avgrensa. Dei siste åra vurderer vi meir enn 150 fusjonsmeldingar årleg, og er ein aktiv overvakar av marknadsutviklingar. Tilsynet vurderer òg om eksisterande og føreslåtte endringar i rammeverket påverkar konkurransen på ein uheldig måte. Årleg vurderer tilsynet om ein skal gje høyringsfråsegner i om lag 120 offentlege høyringar.

PRODUKT / TENESTER

Konkurransetilsynet grip inn når eit føretak bryt konkurranselova. Lovbrøt skal sanksjonerast raskt og effektivt. Ved brøt på forbodsføresegnene i lova kan tilsynet ileggje gebyr og personstraff, og dessutan påleggje føretak å stanse eller endre avtalar som hindrar konkurranse. Oppkjøp eller fusjonar som skadar konkurransen kan tilsynet stanse. Føretak kan og komme med forslag til å endre planar om oppkjøp og fusjonar i samråd med Konkurransetilsynet. Vi er aktive og synlege i ulike marknader og med ulike typar saker, for å vise at konkurransereglane er omfattande og gjeld alle næringar. Tilsynet er synleg i offentlegheita mellom anna gjennom kronikkar, høyringsfråsegner, utsegner i media og foredrag. Vi seier i frå når reguleringar i ein marknad bør endrast, for å sørge for at verksemder kan konkurrere betre.

BRUKAREFFEKTA

Når føretak konkurrerer på lovleg måte, brukar dei ressursar på å tilby det som er best for forbrukarane. Dei freistar å utnytte råvarer, kapital, arbeidskraft og transportsystem effektivt og formålstenleg. Aktørane i næringslivet vil ha høgare insentiv til å tenke innovativt og tilpasse produkta sine til det som kundane etterspør. Produkt og tenester vert billegare, eller av betre kvalitet. Gjennom Konkurransetilsynet sine vedtak minnast aktørar i næringslivet på viktigheita av å følgje konkurranselova. Den preventive effekten syner seg ved at aktørane vil unngå risikoen for bøter, omdømmetap, erstatningskrav, personlege bøter og fengselsstraff. Målet til tilsynet er at føretak skal få betre forståing for kva som er lovleg og kva som er ulovleg samarbeid. Føretak kan tipse tilsynet om avtaler dei meiner kan vere skadeleg for konkurransen, og om dei sjølv er ein del av dei. Når dei seier i frå vil dei kunne få redusert eller ingen straff. Politikarar og lovgjevarar forstår betre korleis reguleringar kan fremje eller skade konkurransen, og vil ta omsyn til dette ved endringar i regelverk.

SAMFUNNSEFFEKTA

Dei konkurranseproblema vi har teke opp skal leie til ei endring som er til fordel for forbrukarar og næringsliv. Føretak yter best i eit fritt og uavhengig næringsliv utan særbehandling eller konkurransehemmande avtalar, med fri flyt av varer og tenester og fri tilgang til marknadene. Konkurranse har ein positiv effekt på innovasjon, sysselsetjing og produktivitet, som kjem samfunnet til gode. Næringslivsaktørar konkurrerer betre på konkurranseutsette varer og tenester, og det er mindre økonomisk kriminalitet. Norske verksemder er meir konkurransedyktige i internasjonale marknader. Ved offentlege anbodskonkurransar blir offentlege middel utnytta betre. Det offentlege kan tilby betre varer og tenester som ikkje er dyrare enn nødvendig. Konkurransetilsynet sitt arbeid i alle desse marknadene gir forbrukarane betre utval, fleire og betre produkt og tenester til ei rimelegare pris, finansiert gjennom skattepengar.

3.2 Oppnådde resultat

I det følgjande vert det gitt ei overordna vurdering av oppnådde resultat i høve til måla i Konkurransetilsynet sitt tildelingsbrev for 2022. Vidare i årsrapporten vert det gjort nærare greie for aktivitetane på kjerneområda våre og korleis dei bidreg til konkurranse.

Aktiv handheving av konkurranselova og konkurransereglane i EØS-avtalen

Avdekking og førebygging av konkurransekriminalitet er ein sentral del av Konkurransetilsynet sine oppgåver og samfunnsoppdrag. Konkurransetilsynet har i 2022 arbeidd målretta for at lovbrøt vert sanksjonert raskt og effektivt.

I 2022 har tilsynet arbeidd vidare i etterforskingssaker og har gjennomført bevissikring i nye saker knytt til ulovleg samarbeid. Fem norske forlag fekk straffegebyr på til saman 545 millionar kroner for ulovleg samarbeid. Konkurransetilsynet har sidan 2020 etterforska ei bransjeforeining for mistanke om ulovleg prissamarbeid. Etter ei heilskapleg vurdering vart saka lagt bort i august 2022.

Tilsynet avslutta i 2022 etterforskinga av matbestillingsplattforma Foodora. Saka gjaldt mistanke om misbruk av dominerande stilling og vart etterforska sidan 2021. Gjennom å av-slutte saka med eit vedtak om avhjelpande tiltak klarte Konkurransetilsynet å løyse konkurransebekymringane raskt, noko som er særleg viktig i denne typen marknad.

Ei anna viktig oppgåve for Konkurransetilsynet er å gripe inn mot føretakssamanslutningar som i stor grad vil hindre effektive konkurranse. I 2022 tok tilsynet imot, og vurderte, 160 meldingar om fusjonar og oppkjøp. Av desse vart 98 prosent avslutta innan 25 vorkedagar. Tre føretakssamanslutningar vart godkjende på vilkår.



Foto: Tiia Monto/Wikimedia Commons

Forbodet i føretakssamanslutninga mellom Schibsted og Nettbil vart oppheva av Gulating lagmannsrett i 2022. Saka vart anka, og vart handsama i Høgsterett i januar 2023. Høgsterett ga i februar 2023 Schibsted medhald. Vidare vedtok Konkurransetilsynet i november 2021 å forby DNB å kjøpe Sbanken. Saka vart anka inn for Konkurranseskilagenemnda. Nemnda fatta i mars 2022 vedtak som oppheva Konkurransetilsynet sitt vedtak.

Trass i at tilsynet ikkje fekk medhald i desse sakene, har Konkurransetilsynet likevel gjennom handhevingsaktivitetane sine sørga for at handhevinga av konkurranselova verkar preventivt, og medverkar til at føretaka tek omsyn til reglane og dermed avstår frå konkurranseskadeleg åtfærd.

Regelverkssaker i EØS, EØS-enkelt saker og anna internasjonalt samarbeid

Konkurransetilsynet har i 2022 delteke aktivt i dei formelle og uformelle foruma som EØS-avtalen gir tilgang til. Dette er arbeidsgrupper og ulike forum som utgjer det Europeiske konkurransenettverket "ECN". Målsetjinga med deltakinga er å sikre norsk medverknad i regelverks- og politikktutforming på eit tidleg stadium. Tilsynet har rapportert departementet om pågåande regelverksutvikling innan nettverket etter vanleg praksis. Tilsynet har òg orientert departementet om saker til handsaming i overvakingsorgana av interesse for norske styresmakter. Som del av handhevingsoppgåvene våre knytt til EØS si konkurranselovgeving har Konkurransetilsynet tett kontakt med ESA i konkrete saker, og meir overordna gjennom EFTA sitt konkurransenettverk.

Konkurransetilsynet deltek aktivt i ei rekkje andre internasjonale forum. Dette gjeld deltaking i mellom anna konkurransekomiteen i OECD, det nordiske samarbeidet og det internasjonale konkurransenettverket. Konkurransetilsynet er delegert oppgåva med å representere Noreg i OECD sin konkurranseko-mité.

I tillegg til å ta hand om dei formelle oppgåvene våre, gir Konkurransetilsynet sin aktivitet i desse internasjonale nettverka eit betre grunnlag for å utføre oppgåvene våre etter konkurranselova effektivt og i tråd med forventningane i samfunnet.

Konkurranse i ein digital økonomi

Den raske teknologiske utviklinga har ført til store endringar i korleis ulike marknader fungerer, inkludert auka digitalisering og bruk av digitale plattformer. Konkurransetilsynet følgjer nøye den teknologiske utviklinga og vurderer kontinuerleg behovet for justeringar i verktøya våre for å sikre effektiv oppfølging av desse marknadene. Dette kan inkludere endringar i lovverket eller forskrifter. Konkurransetilsynet foreslo for Nærings- og fiskeridepartementet i medio 2022 å endre konkurranselovgevinga ved at det vert innført eit marknadsetterforskningsverktøy (sjå 3.8.2) etter modell frå Storbri-tannia og Island.

Digitalisering er ei viktig drivkraft for økonomisk vekst og produktivitetsutvikling. For å bidra til å realisere moglegheitene som digitalisering gir for auka konkurranse, omfattande teknologisk utvikling og innovasjon, har Konkurransetilsynet etablert handheving i den digitale økonomien som eit eige satsingsområde i den nye strategiplanen.



Stig Hauge Bendiksen

Administrasjons- og organisasjonsdirektør

"Konkurransetilsynet vil bruke teknologi som maskinlæring og kunstig intelligens i arbeidet vårt. Vi vil òg sjå nytt på organisering, kompetanse og arbeidsprosessar for heile tida å vere best mogleg rusta til å løyse oppgåvene våre, no og for framtida."

Gjennom effektiv handheving bidreg Konkurransetilsynet til at konkurranse og data blir ei viktig kraft i å utløyse potensialet for økonomisk vekst, innovasjon og auka produktivitet som den digitale utviklinga inneber. På den andre sida kan det òg oppstå konkurranseutfordringar. Til dømes viser akademisk litteratur at algoritmeprising på ulike vis kan skade konkurransen. Konkurransetilsynet følgjer derfor særleg nøye med på utviklinga i bruken hos føretak av data og algoritmar, og korleis dette påverkar konkurransen. I 2022 vart det sett i gang fleire interne prosjekt med sikte på å auke den interne kompe-tansen på området, og gjere tilsynet betre i stand til å avdekkje konkurranseproblem i den digitale økonomien.

Tilsynet har i 2022 arbeid for å utnytte dei moglegheitene som digitalisering gir.

Miljø og berekraft

Berekraft og miljø er relevant for utforminga av konkurransepolitikken. Konkurransepolitikken er viktig for ei grøn omstilling av norsk økonomi.

Berekraft gjennom konkurranse er etablert som eit satsingsområde i strategiplanen til tilsynet, noko som inneber at saker og nøkkelnæringar i ein berekraftssamanheng vil bli prioritert i handhevinga. For å byggje auka merksemd om dei rammer som konkurranselova set for berekraftssamarbeid, samla tilsynet bedrifter, advokatar, og akademikarar til ein konferanse om temaet hausten 2022, der næringsminister Jan Christian Vestre deltok aktivt med innlegg og i diskusjon.



Tilsynet har òg skrive kronikkar og høyringsfråsegner om temaet, og hatt møter med aktørar som treng avklaring om reglane. I tillegg er det lansert temasider om berekraft på nettsidene til tilsynet. Vidare har tilsynet i påverknadsarbeidet sitt særleg retta merksemda mot marknaden for lading av elbilar og utbygging av havvind. For å motverke marknadskonsentrasjon til ulempe for forbrukarane, har Konkurransetilsynet pålagt dei fem største ladeaktørane opplysningsplikt.

Arbeidslivskriminalitet

Arbeidslivskriminalitet (A-krim) har alvorlege konsekvensar for arbeidstakarar, verksemdar og samfunnet samla sett, og kan føre til redusert verdiskaping. Offentlege innkjøp kan lett bli ramma visst ikkje tilbydarar følgjer reglane i arbeidslivet.

Gjennom tverretatleg samarbeid blir innsatsen til styresmaktene mot A-krim meir effektiv og målretta. Konkurransetilsynet har sidan hausten 2022 delteke i A-krimssamarbeidet i Vestland, og ønskjer å delta i slikt samarbeid på nasjonalt nivå. Gjennom samarbeidet med andre offentlege styresmakter i A-krimssamarbeidet, kan tilsynet bidra med konkret informasjon så vel som generell marknadskunnskap, i tillegg til å få informasjon om marknader, kriminalitet som kan ha ein konkurransevridande effekt, eller praksis som kan vere brot på konkurranselova.

Konkurransetilsynet har gitt Nærings- og fiskeridepartementet våre vurderingar av om tilsynet rår over informasjon som er relevant for andre styresmakter i kampen mot A-krim, og kva slags informasjon som kan delast.

Daglegvaremarknaden

For å handtere utfordringane i denne marknaden, og dei særlege forventningane til tilsynet, er daglegvaremarknaden eit eige satsings- og prioriteringsområde i tilsynet sin strategiplan. Satsinga er reflektert i tilsynet sitt høge aktivitetsnivå i denne sektoren i 2022, både gjennom handheving og i påverknadsarbeid. Tilsynet har arbeidd vidare med ei stor etterforskingssak om mogleg brot på konkurranseloven § 10, ei sak der det er varsla eit stort milliardgebyr til dei tre største aktørane på detaljistleddet i daglegvaremarknaden. Vidare har tilsynet framleis arbeidd med kartlegging av forskjellar i innkjøpsprisar og analyse av årsakene til forskjellane. Tilsynet har sendt høyringsfråsegn på to ulike forslag til forskrift om forbod mot usaklege forskjellar i innkjøpsvilkår til daglegvarekjedene, og bidrege til eit forslag om forbod mot negative servituttar og eksklusivavtaler i daglegvaremarknaden.

På slutten av året publiserte tilsynet ein daglegvarerapport. Rapporten viser breidda i Konkurransetilsynet sitt arbeid, og at tilsynet bruker omfattande ressursar både på handheving av konkurranselova og pådrivararbeid for best moglege vilkår for sunn konkurranse i daglegvaremarknaden. Noko av arbeidet er retta mot lokale styresmakter. Tilsynet har mellom anna kontakta kommunar for at dei skal betre konkurransen i dei lokale marknadene sine ved å handheva føresegnene i kommune- og regionalplanar slik at ikkje etablering av nye konkurrerande daglegvarebutikkar vert hindra.

3.3 Ressursbruk

Konkurransetilsynet er ei kunnskapsverksemd som har svært kompetente medarbeidarar, med mange erfarne juristar, økonomar og andre tilsette med spesialkompetanse. Kompetansen til tilsette og talet på tilgjengelege årsverk er på eit nivå der vi når langt i å løyse samfunnsoppgåvene våre. Nye utfordringar knytt til handheving i digitale marknader, behovet for nye måtar å handheva på, saman med satsinga i daglegvaremarknaden gjer at tilsynet har teke til orde for å få fleire ressursar. Sjå meir om dette under framtidsutsikter i årsrapporten.

Konkurransetilsynet har i 2022 arbeidd med fleire saker om mogleg og ulovleg samarbeid og misbruk av dominans etter tidlegare gjennomførte bevissikringar og informasjonsinnhentingar. Nokon av dei meir krevjande sakene vart løyste innanfor rimeleg handsamingstid ved rett prioritering og bemanning, nokre nye er starta, og nokon vert ikkje prioritert for vidare etterforsking av ressursomsyn. I 2021 opplevde Konkurransetilsynet ein klar auke i fusjonsmeldingar samanlikna med året før, og auken har halde fram i 2022. Heile 98% av fusjons saker blir avslutta innan 25-dagarsfristen. At tilsynet handterer fusjonar effektivt, sparer ressursar hos næringslivet og bidreg til velfungerande marknader der fusjonar og oppkjøp som ikkje er konkurranseskadelege kan gjennomførast raskt.

Vi må kontinuerleg vurdere kva kompetanseutviklingstiltak som er viktigast. På grunn av mange nyttilsette i 2022, og vårt strategiske mål om å vere ein "føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar", har vi brukt store ressursar på kompetanseutvikling.

Den digitale økonomien er prega av uvisse, mellom anna knytt til nye forretningsmodellar og bruk av algoritmar for prising. I tillegg stiller utviklinga store krav til Konkurransetilsynet når det gjeld både innhenting og analyse av data. I arbeidet med digitalisering er det svært viktig at heile Konkurransetilsynet er involvert, difor har arbeidet kravd betydelege ressursar både til investering i ny teknologi og kompetanse. Vi har styrka tilsynet sin digitale kompetanse ved å tilsetje dataforskarar, og har heva intern kompetanse gjennom webinar, ressursider for tilsette, kurs og konferansar. I 2022 organiserte tilsynet arbeidet i ulike tverrfaglege produktteam. Dei har jobba med konkrete løysingar og verktøy som kan bidra til å effektivisere arbeidet vårt, og gje høgare effektivitet og kvalitet i analyse av data. Ved hjelp av produktteama har vi inkludert store delar av organisasjonen, og nytta oss av den unike kompetansen vi har på tvers av organisasjonen.

Etter pandemien har vi blitt testa på fleksibilitet, effektivitet og fjernleiing med gode resultat. Både tilsette og leiinga er positivt innstilte på utprøving av nye arbeidsmetodar i prosjektorganiseringa.

3.4 Kartellavdekking og ulovleg samarbeid

Kartellavdekking og handheving av forbodet mot ulovleg samarbeid er ei hovudoppgåve for Konkurransetilsynet. Konkurranshemmande samarbeid er svært skadeleg. Det kostar samfunnet store summar og inneber at innkjøparar og forbrukarar må betale meir for varer og tenester. Samarbeid mellom konkurrentar som har til formål eller verknad å hemme konkurransen er ulovleg. Eksempel på det kan vere samarbeid om priser, oppdeling av marknader, informasjonsutveksling og samarbeid om avgrensing i produksjon eller sal.

Konkurransetilsynet held oppsyn med alle marknader, og kan starte etterforsking basert på egne undersøkingar, klagar frå andre aktørar, tips eller søknadar om lemping. Konkurransetilsynet er avhengig av informasjon om mogleg ulovleg samarbeid frå personar og verksemdar for å handheve konkurranselova. Ein tipsar har moglegheit til å sende inn tips anonymt, og kommunisere med oss gjennom ein tovegs anonym dialog på nettsidene våre. Konkurransetilsynet har teieplikt om ein tipsar sin identitet i høve til partane i saka og deira representantar. Teieplikta gjeld òg etter at saka er avslutta.

Merksemd kring våre bevissikringar og etterforskingar har ein preventiv effekt, og førebyggjer potensielt ulovleg samarbeid mellom konkurrentar. I 2022 har vi starta etterforskingssaker i ein marknad tilknytt finanssektoren, og i marknaden for entreprenørtenestar. Vi har òg publisert ein informasjonsbrosjyre som beskriv dei ulike stega under ei bevissikring.

Bevissikring i marknaden for entreprenørtenestar

Konkurransetilsynet starta etterforsking og gjennomførte bevissikring hos aktørar i marknaden for entreprenørtenestar i februar 2022. Bakgrunnen var mistanke om at det har føregått utveksling av konkurransesensitiv informasjon mellom aktørane i strid med konkurranselova § 10. Etterforskinga er pågåande.

Pågåande etterforskingar

I mai 2021 vart det starta etterforsking og gjennomført bevissikring hos aktørar i ein helserelatert marknad. Bakgrunnen for kontrollen var mistanke om at det har føregått utveksling av konkurransesensitiv informasjon mellom aktørane i strid med konkurranseloven § 10. Etterforskinga er pågåande.

I september 2021 vart det gjennomført bevissikring hos aktørar i marknaden for flyttetenester. Kontrollen bygger på ein mistanke om at aktørane har utveksla konkurransesensitiv informasjon seg imellom, og det vart teke beslag i relevant materiale for å få bekrefta eller avkrefta mistanken om ulovleg samarbeid. Etterforskinga er pågåande.

I 2020 vart det starta etterforsking av daglegvarekjedene om mogleg brot på konkurranselova §10 . For nærare omtale sjå 3.7 Daglegvaremarknaden.

Avslutta etterforsking mot bransjeforeining

Konkurransetilsynet har sidan 2020 etterforsa ei bransjeforeining for mistanke om ulovleg prissamarbeid. Tilsynet har gjennomgått og vurdert informasjonen som er innhenta

Ulovleg samarbeid

Konkurranselova § 10 forbyr samarbeid mellom føretak som har til formål eller verknad å hemme konkurransen.

Forbodet mot konkurranshemmande samarbeid gjeld ikkje berre avtalar, men også meir uformelt samarbeid som til dømes at to konkurrentar i samforstand aukar prisane på varene sine.

Forbodet omfattar både horisontale og vertikale samarbeid.

Amnesti: Det føretaket som er først ute med å avsløra eit ulovleg samarbeid til Konkurransetilsynet kan unngå gebyr.

i samband med etterforskinga, og har teke forklaringsopptak av sentrale personar. Etterforskinga vart etter ei samla vurdering avslutta, og saka lagt bort i august 2022.


Ulovleg samarbeid i bokmarknaden

Forlaga Gyldendal, Cappelen Damm, Vigmostad & Bjørke og Aschehoug, samt Bokbasen, vart i november 2022 pålagt gebyr på til saman 545 millionar kroner for samarbeid i strid med konkurranselova.

Forlaga har delteke i eit ulovleg samarbeid om å utveksle framtidige priser og annan konkurransesensitiv informasjon via Bokbasen sin bokdatabase. Bokbasen har selt fleire typar abonnement som ga tilgang til informasjonen i bokdatabase, mellom anna abonnementet Mentor Forlag. Bokbasen deltok som tilretteleggjar for samarbeidet mellom forlaga ved å utvikle, drifte, marknadsføre og tilby Mentor Forlag. Informasjonsutvekslinga la til rette for koordinering av priser og utval i bokmarknaden.

Forlaga har ein frist på seks månadar til å klage saka inn for Konkurransklagenemnda.

Vedtak om lovbrøtsgebyr for ulovleg samarbeid og misbruk av dominans 2013-2022



Kari Bjørkhaug

Etterforskningsdirektør

"Konkurranseskriminalitet kostar samfunnet store summer, og ulovleg samarbeid gir forbrukarane dyrare varer og tenester. Det er difor ein viktig del av Konkurransetilsynet sitt samfunnsoppdrag å avdekkje og slå ned på kartell. For at vi skal kunne gjere jobben vår, er vi avhengig av tips og informasjon frå personar og føretak om kva som skjer ute i marknadane. Konkurransetilsynet er pålagt absolutt teieplikt om tipsar sin identitet, som betyr at det er trygt å gje oss fortruleg informasjon utan risiko for sjølv å måtte stå fram. Tips og informasjon kan og sendast oss anonymt på våre nettsider."

Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid med kartellavdekking/ulovleg samarbeid

INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå etterforskingstab, marknadsavdelingane og andre einingar
Det nordiske samarbeidet på konkurranseområdet har utvikla seg gradvis frå det vart etablert i 1959, til no å omfatte handhevingsamarbeid i konkrete saker på grunnlag av den nye nordiske samarbeidsavtalen som vart ratifisert for Noreg sin del i 2019. Den nordiske samarbeidsavtalen har i 2022 vist nytteverdien sin ved grenseoverskridande prosessar i fleire saker, der moglegheita til samarbeid lettar byrden både for konkurransemyndigheitene og for dei involverte aktørane.

Ut over konkrete saker omfattar det nordiske samarbeidet fagleg erfaringsutveksling i fleire nettverksgrupper. Det har mellom anna vore møte med erfaringsutveksling mellom dei tekniske etterforskarane i dei nordiske landa, og i juni var Konkurransetilsynet vertskap for møte i det nordiske kartellnettverket. Vidare har dei nordiske konkurransedirektørane hatt jamleg kontakt i løpet av året, mellom anna ved det årlege generaldirektørmøtet, som i år var på Gotland samstundes med at dei nordiske juridiske direktørane møtttest.

Det årlege møtet mellom dei nordiske konkurransemyndigheitene i 2022 vart gjennomført på Island. Konkurransetilsynet var ansvarleg for å gjennomføre to workshopar, ein om bruk av algoritmar og ein om personalleiing. Vidare deltok vi aktivt i dei andre workshopane, om marknaden for byggjeverar og om avskrekkande effektar av handheving.

International Competition Network (ICN) er eit globalt nettverk for både etablerte og nyare konkurransemyndigheiter. Årsmøtet i ICN vart arrangert i Berlin. Konkurransedirektøren deltok i eit panel som

diskuterte utfordringar knytt til effektive avhjelpande tiltak i fusjonskontrollen, medan fleire av tilsynet sine medarbeidarar deltok aktivt i sesjonar som handla om kjønnsperspektiv i konkurransepolitikken, økonomisk analyse i tosidige marknader, og ICN sin anbefalte praksis for fusjonsvurderingar. Saman med konkurransestyresmaktene i Spania og europeiske konkurransemyndigheiter, DG Comp., leier tilsynet éi av arbeidsgruppene i ICN, ICN Merger Working Group. Som ledd i dette samarbeidet har tilsynet arrangert to webinar om digitale fusjonar, medan ytterlegare to er planlagt for 2023.

3.10 Miljø og berekraft

Berekraft som strategisk målsetjing

I Konkurransetilsynet sin strategiplan for 2022-2027 er "Berekraft gjennom konkurranse" tatt inn som ei strategisk målsetjing for perioden 2023-2025. Konkurransetilsynet si berekraftsatsing er i denne omgang knytt til korleis handhevinga av konkurransereglane kan styrke den grønne omstillinga og redusere klimagassutslepp.

Ifølgje planen til både førre og noverande regjering skal Noreg meir enn halvere klimagassutsleppa i



Over 100 deltakarar var til stades på Konkurransetilsynet si berekraftkonferanse i november.

2030 i høve til 1990, og i 2050 skal netto utslepp vere lik null. Det er brei semje om at slike kutt krev ei omfattande omstilling av norsk økonomi. Sidan konkurranse er viktig for verke måten i dei fleste marknader, er konkurransepolitikken relevant for denne omstillinga. Også internasjonalt har forholdet mellom konkurransepolitikk og berekraft fått mykje merksemd dei siste åra, då særleg i EU og i OECD.

Konkurransetilsynet har i 2022 delteke i møte med andre nasjonale konkurransestyresmakter og i internasjonale fora for å halde oss oppdatert

på utviklinga i internasjonale initiativ knytt til berekraft og miljø på konkurranseområdet.

Berekraftsatsing i handheving av konkurranselova

Konkurransetilsynet si berekraftsatsing inneber at tilsynet vil prioritere saker med berekraftspekt i handhevinga av konkurranselova. Tilsynet er i denne samanhengen oppteken av å bruke konkurransereglane på ein måte som gjer at dei ikkje står i vegen for reelle berekraftsamarbeid, og å rettleie aktørar om forholdet mellom konkurransereglane og berekraft.

I 2022 har Konkurransetilsynet publisert temasider om berekraft, for å gje rettleiing til aktørane. Tilsynet arrangerte òg ein berekraftkonferanse der formålet var å gje rettleiing og å komme i dialog med aktørar som driv verksemd innanfor "grønne" marknader, og høyre om kva for konkurranserelaterte utfordringar dei kan møte på. Representantar frå næringsliv, academia og regjering deltok med innlegg og i paneldebatt.

Velfungerande konkurranse i nøkkelnæringar

Konkurransetilsynet si berekraftsatsing inneber at tilsynet jobbar aktivt for å leggje til rette for velfungerande konkurranse i nøkkelnæringar. Det vil seie næringar med høge klimagassutslepp i produksjon eller forbruk, og næringar som er viktige for teknologiutvikling for grønt skifte.

Ei slik nøkkelnæring er utbygging av havvind. Dei fyrste areala for utbygging av havvind på norsk sokkel skal lysast ut i år. Dette er ein viktig marknad for å få meir grøen energi. Konkurransetilsynet ynskjer å sikre god konkurranse rundt utbygging fordi det kan gje billigare utbygging av havvind og berekraftige løysningar på sikt. Tilsynet sine ekspertar har difor vore i dialog med relevante styresmakter og gitt høyringsfråsegn til Olje- og energidepartementet på forslag knytt til tildeling av areal. Dei har òg uttalt seg i media.

Marknaden for hurtiglading av el-biler er eit anna døme på ei nøkkelnæring som tilsynet har følgd tett i 2022. Velfungerande konkurranse i denne marknaden kan gjere hurtiglading billigare og meir brukarvennleg, noko som er sentralt for å bytte ut den fossile bilparken med nullutsleppbilar. Tilsynet byrja arbeidet i denne marknaden i 2021 med møter med interesseorganisasjonar og ei rekke andre aktørar. I arbeidet har Konkurransetilsynet mellom anna lagt vekt på kva etableringshindringar som finst i marknaden. Manglande tilgang til areal for å sette opp ladestasjonar, til døme ved at ladeaktørar har eksklusiv rett til å sette opp sine stasjonar på ei tomt, kan vere ei etableringshindring. Tilsynet har difor henta inn leigeavtaler frå dei fem største ladeaktørane, samt gjennomført rettleiingsmøter med aktørane, med fokus på konkurransereglane sine grenser for bruk av eksklusivitetsforpliktingar.

Gjennom kronikkar, høyringsfråsegn og innlegg i møter har Konkurransetilsynet delteke aktivt i den offentlege debatten om tiltak for å betre brukarløysningar i lademarknaden. Konkurransetilsynet har i denne samanhengen peika på at for streng regulering av marknaden kan avgrense konkurranse og innovasjon.

Konkurransetilsynet har òg pålagt dei fem største ladeaktørane opplysningsplikt. Det inneber at tilsynet får informasjon om alle oppkjøp dei gjer i marknaden. I 2022 har tilsynet vurdert oppkjøp som er meldt etter opplysningsplikta.

I 2023 vil Konkurransetilsynet halde fram berekraftsatsinga gjennom å prioritere saker med berekraftsasppekt, og å følgje nøkkelnæringar tett. I tillegg vil tilsynet halde fram med å følgje utviklinga i internasjonale initiativ rundt berekraft og konkurranse, inkludert Kommisjonen sine nye retningslinjer om horisontale samarbeidsavtaler og vurdere behovet for nasjonale tiltak. Aktørar som vil samarbeide om miljøtiltak kan få rettleiing hos Konkurransetilsynet visst dei er i tvil om samarbeidet kan vere i strid med konkurranselova.

Hanne Dahl Amundsen

Avdelingsdirektør bygg, industri og energi



"I nye "grøne" marknader, som til dømes marknaden for hurtiglading av el-bilar, er det viktig å komme inn tidleg, og påverke konkurransen før marknaden set seg. Difor følgjer Konkurransetilsynet slike marknader ekstra nøye. Velfungerande konkurranse kan bidra til at produktet eller teknologien vert billigare og betre, med den følgja at det er meir attraktivt å bruke den aktuelle teknologien eller produktet. Det kan igjen eskalere det grøne skiftet. På den måten kan god konkurransepolitikk vere synonymt med god klimapolitikkk."

3.11 Konkurranséfagleg forskning og utgreiing

Forskning bidrar til effektiv konkurransepolitikk

Konkurransetilsynet nyttiggjer seg både internasjonal og nasjonal forskning som grunnlag for handhevinga. Tilsynet har sidan 2014 forvalta det alminnelege prisreguleringsfondet og tildelt midlar til uavhengig forskning om konkurranseforhold samt pris- og konkurransepolitiske verkemiddel. Midla frå prisreguleringsfondet har gjennom åra vidareutvikla forskingsmiljø innan konkurranseøkonomi og -jus og gitt nyttige bidrag til litteraturen. Tilsynet får gjennom prosjekta tilgang på forskingsbasert kompetanse i metodar og marknader. Enkelte prosjekt har gitt uavhengig evaluering av tilsynet sine saker og effekten av dei i dei aktuelle marknadene.

I 2022 har det mellom anna vore prosjekt om prisforhandlingar og prisdiskriminering, prosjekt om marknadskonsentrasjon og lønnsemd, samt om skuldkravet i konkurranseretten. Fleire forskingsprosjekt vart gjennom året avslutta med gode resultat. Fleire artiklar er publiserte eller i prosess med å bli publiserte i anerkjende tidsskrift.

Tilsynet har gjennomført ulike tiltak for å synleggjere og dele forskingsresultata, mellom anna ved publisering av artiklar på nettsider, i tillegg til at forskingsarbeid har vore presentert i interne og eksterne seminar. Ei oversikt over nye, pågåande og avslutta prosjekt i 2022 er tilgjengeleg i vedlegg 2, medan ei fullstendig oversikt over alle forskingsprosjekt og artiklar er tilgjengeleg på konkurransetilsynet.no.

Nærings- og fiskeridepartementet vedtok i januar 2022 nye retningslinjer for tildeling av tilskotsmidlar til konkurransefagleg forskning. Det vart i 2022 tildelt midlar på i underkant av fem millionar kroner til prosjekt som dreia seg om fleire av dei viktigaste satsingsområda til Konkurransetilsynet, mellom anna berekraft og konkurranserett, digitalisering og daglegvaremarknaden. Også prosjekt om kartellavdekking, sanksjonsregimer i konkurranseretten og verknader av føretakssamanslutningar fekk tilskotsmidlar.

I 2023 vert det på nytt lyst ut midlar. Konkurransetilsynet fekk ei ramme på om lag to millionar kroner for slik forskning i 2023. Nye prosjekt gir auka kunnskapsdeling mellom tilsynet og akademien. Vidare satsing på forskning og utgreiing bidreg til å styrke kunnskapsgrunnlaget for konkurransepolitikken og sikre effektiv handheving av konkurranselova.



Sigurd Birkeland

Seniorrådgjevar økonomisk stab

"Økonomisk og juridisk forskning er avgjerande for ny innsikt i korleis konkurransereglane fungerer og kan forbetrast. Bidraga frå forskingsmiljøa styrker handhevinga og synleggjer tydinga av konkurransepolitikken."

Tildeling av prisar for beste masteroppgåver

Kvart år sidan 2004 har Konkurransetilsynet delt ut ein pris til beste masteroppgåve innanfor dei to fagområda konkurranseøkonomi og konkurranserett. Prisen er på 25 000 kroner for kvart område. Formålet med denne konkurransen er å auke studentane si interesse for konkurransepolitikk og utvikle nettverket mellom akademien og tilsynet.

I 2022 vant Aleksander Østrem frå Handelshøyskolen BI prisen innan konkurranseøkonomi med oppgåva "Elektronikkprodusenters kontrakter i reparasjonsmarkedet – virkningar på samfunnsøkonomisk effektivitet". Håvard Henriksen frå Universitetet i Bergen vart vinnar i konkurranserett med oppgåva "Bærekraft i konkurranseloven § 10 tredje ledd".


4 Styring og kontroll i verksemda

4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Verksemdstyring

Strategiplan for 2022-2027 gir Konkurransetilsynet ei overordna retning i styring, prioritering og vegval i strategiperioden. Strategiplanen heng òg tett saman med andre styringsdokument som verksemdsplan, dokument for rapportering, under dette månadsrapportar og årsrapport, og dessutan dei føringane som ligg i tildelingsbrevet. Strategi- og verksemdsplan gir eit tydeleg grunnlag for prioritering, evaluering og rapportering, og er godt forankra i heile organisasjonen.

For å sette dette i samanheng med resultatkjeda frå del 2: for å ta riktige val i verksemdstyring, som gjeld dei første tre ledda i kjeda, tar tilsynet utgangspunkt i dei effektane som verksemda skal oppnå. Arbeidsmetodar og saksrioriteringar blir evaluerte der ein veg opp innsatsfaktorar/ressursar mot effektane og meirverdi for samfunnet. Dette vert kontinuerleg justert.



Etatsstyringsdialog

I dialogen med avdeling for konkurransepolitikk, selskapsrett og næringsøkonomi i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) er effektmåling av Konkurransetilsynet sitt arbeid sentralt. Dialogen med departementet oppfattast som god og konstruktiv. I 2022 har daglegvare, digitalisering, samt konkurranse og berekraft vore viktige tema i dialogen. Rapportering av oppnådde mål blir gjort i tråd med krava i tildelingsbrev og bestillingar frå departementet. Det blir gjennomført to etatsstyringsmøter i året.

Internkontroll og etterleving

Planen for strategi- og verksemd omfamnar heile verksemda, og ein god internkontroll er ein føresetnad for å nå måla og ha god styring. Konkurransetilsynet vurderer at verksemda si internkontroll er god. Eit sikkerheitssystem med avvikshandtering gir nyttige innspel til risikovurderingar og førebyggjande tiltak. Regelmessig og formålstenleg intern rapportering om økonomi og tidsbruk, samt systematisering av prioritering og evalueringar har saman med vidareutvikling av styringskompetanse

bidrege til betre internkontroll i samband med styring. Internkontrollsystemet er godt dokumentert gjennom retningslinjer og kontrollerande dokument, og omfamnar både handsamings- og meir administrative prosessar i heile verksemda. For å sikre god praksis innan informasjonstryggleik, etterleving av forvaltningslova, offentleglova og personvernforordningar vert det arbeida kontinuerleg med kompetanse og kultur. Tilsynet bruker mellom anna utfalla av klagesakene i Konkurranseskilagnemnda til å vurdere om det er behov for tilpassingar.

4.2 Bemanning og organisasjon

Strategiske HR-mål

For at Konkurransetilsynet skal lukkast med samfunnsoppdraget, er eit sentralt strategisk mål for den neste strategiperioden 2022-2027 å vere ein føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar. Dette inneber at tilsynet må vere ein attraktiv arbeidsplass, der dyktige medarbeidarar opplever at dei har gode faglege utviklings- og karrieremoglegheiter med ein kompetanse som er godt tilpassa samfunnsoppdraget. Slike ambisjonar er reflektert i tilsynets verksemdsplan.

Ein ny arbeidskvardag etter pandemi

Frå februar 2022 var det ei gradvis opptrapping mot ein meir normal arbeidskvardag, og frå mars 2022 hadde vi ingen covid-tiltak på arbeidsplassen. Frå dette tidspunktet innførte ein også oppdaterte retningslinjer for heimearbeid. Heimearbeid kan nyttast som ei fleksibel ordning, der ein legg opp til stor fleksibilitet. Dette har vore eit sterkt ønskje frå våre medarbeidarar og arbeidsgjevar ser også gevinstar ved ei slik ordning.

Kompetanse og utvikling

Arbeidsinnhald, samarbeid, autonomi og ansvar, og verdsetting for innsats er viktige motivasjonsfaktorar, særleg i ei kunnskapsverksemd som Konkurransetilsynet. For å vere ein attraktiv arbeidsplass må ein difor ha gode arbeidsprosessar og gode interne karrieremoglegheiter. Tilsynet har svært kompetente medarbeidarar, med mange erfarne juristar, økonomar og tilsette med spesialkompetanse innanfor kommunikasjon, etterforsking, informasjonsforvaltning, IT, HR og økonomistyring. 13 medarbeidarar har doktorgrad. Median ansiennitet er åtte år i 2022. Gjennomsnittleg ansiennitet i 2022 er 7,8 år mot 8,5 år i 2021.⁶

Det er viktig for tilsynet at medarbeidarane får god høve til å vidareutvikle kompetansen sin, mellom anna gjennom vidareutdanning, deltaking på kurs og konferansar og i nordiske, europeiske og internasjonale nettverk. I 2022 har tilsette delteke på konferansar, kurs og internasjonale møte digitalt og noko fysisk. Vi ser at auka digitalisering gir auka moglegheiter for kompetansedeling og kompetanseheving.



Wenche Njøten

HR-Leiar

"I vår nye strategi er eit av tre mål å vere ein "føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar". Strategiske målsetjingar med gode forankra delmål innan kompetanse og utvikling er ein viktig føresetnad for å løyse samfunnsoppdrag vårt."

⁶ Data er innhenta frå DFØ sin fagbrukarinnsikt


I 2022 etablerte tilsynet ei intern arbeidsgruppe for å kartleggje og føreslå alternative karrierevegar i organisasjonen. Rapporten frå dette arbeidet gir eit godt grunnlag for vidare arbeid i 2023. I strategiprosessen i 2022 vart det dessutan bestemt at tilsynet skal jobbe meir med strategisk kompetanseutvikling dei neste åra, ein prosess som vil starte i 2023.

Leiarutvikling

Hausten 2022 vart det bestemt at leiarar på alle nivå skal få tilbod om eit leiarutviklingsprogram. Sidan det stadig skjer endringar i samfunnsstrukturar, marknader, tilgjengelege ressursar og krav til leiing, må leiarutvikling vere ein kontinuerleg prosess. Endringar i strategi og i leiargruppa betyr at det stadig vil vere behov for å styrke strategiske ferdigheiter på individuelt nivå. I denne omgang vil programma styrke leiinga i Konkurransetilsynet si evne til å realisere tilsynet sin nye strategi.

Rekruttere og behalde

I 2022 opplevde Konkurransetilsynet ein noko høg turnover på 12%, og vi merkar at det er utfordrande å tiltrekkje seg kvalifiserte ressursar. Særleg sterk konkurranse på arbeidsmarknaden for erfarne juristar og spesialkompetanse, særleg innan IT, har vore ei utfordring for tilsynet. For å handtere desse utfordringane har vi utvikla ei ny strategi med fleire viktige tiltak for å behalde og tiltrekkje oss den kompetansen vi treng for å utføre samfunnsoppdraget vårt.



Tilsynet jobbar heilskapleg ut frå ein langsiktig rekrutteringsstrategi som mellom anna inneber profilering av tilsynet som ein attraktiv arbeidsplass i relevante forum. I 2022 deltok vi på tre ulike karriere dagar, to av dei fysisk og ein digital. Vi inviterte også studentar til våre eigne lokale for å presentere arbeidsplassen og slik styrke rekrutteringsgrunnlaget. Konkurransetilsynet har hatt fleire besøk av skuleklassar frå den vidaregåande skulen, der vi i tillegg til å fortelje om handhevingsoppdraget vårt framhevar tilsynet som ein spennande arbeidsplass. For å auke interessa for tilsynet som arbeidsplass blant studentar, hadde vi tre studentar på trainee-opphald på rundt ein måned kvar.

I 2022 tilsette Konkurransetilsynet 14 nye medarbeidarar inkludert sju økonomar, tre juristar, to IT konsulentar, ein rådgjevar til kommunikasjonsavdelinga, og ein ny konkurransedirektør. Vi tilsette også ny avdelingsdirektør for Mat, handel og helse internt etter ekstern utlysing.

4.3 Inkludering, mangfald og likestilling

Konkurransetilsynet er ei IA-verksemd som arbeider systematisk med helse, miljø og tryggleik for å sikre trygge arbeidsforhold og likebehandling. Tilsynet legg stor vekt på å skape eit arbeidsmiljø som er helsefremjande og prega av tryggleik, openheit og respekt. Gode resultat innan HMS krev eit sterkt engasjement og god leiarkompetanse, og dessutan eit godt og systematisk samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.

Arbeidsmiljø og kartlegging

Å arbeide for eit godt og sikkert arbeidsmiljø er ein integrert del av den ordinære styringa av verksemda. Konkurransetilsynet nyttar fleire metodar for å sikre arbeidsmiljøet, til dømes årlege medarbeidersamtalar. Dette er eit viktig verkemiddel for å kartleggje den enkelte si oppleving av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø, motivasjon, forhold til næraste leiar, autonomi, fagleg utvikling, kollegial støtte, samarbeid og meistring med meir. Vi har frå 2019 nytta eit digitalt verktøy som kartlegg ulike motivasjonsfaktorar i arbeidsforholdet. Verktøyet gjer det også mogeleg å aggregere informasjon frå individ- til avdelings- og verksemdsnivå (anonymiserte). Andre metodar er årlege vernerundar, partsamarbeid i arbeidsmiljøutval der bedriftshelseteneste deltek, risikovurdering av arbeidsmiljø og månadlege samarbeidsmøte med tillitsvalde, og rutinemessige sluttsamtalar med arbeidstakarar som sluttar.

I tillegg har det vore eit ønskje om å gjennomføre ein anonym medarbeidarkartlegging, noko som vart realisert med DFØ og Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) sitt nye verktøy for medarbeidarkartlegging i staten som handlar om organisering og arbeidsmiljø (MUST). Ca. 60% av dei tilsette i Konkurransetilsynet svarte på denne kartlegginga våren 2022, og resultat og tiltak vert arbeidd med på tvers av heile verksemda i 2022 og våren 2023.

Kvart haust arrangerer tilsynet "Helseveke", der markering av Verdsdagen for psykisk helse er ein raud tråd gjennom veka. Temaet for 2022 vart "Løft blikket – sjå kvarandre". Dette temaet var særleg relevant etter to år med mykje sosial avstand. Arbeidsplassen er ein viktig arena for et sosialt liv, og god jobbtilknytning kan gje trivsel og auka livskvalitet. I løpet av veka hadde vi ulike sosiale aktivitetar, seminar, artiklar og oppslag retta mot temaet.


Andre inkluderande tiltak omfattar tilbod om influensavaksine, trening i arbeidstida og fleksibel bruk av heimekontor. Gravide får tilbod om samtale med jordmor og leiar på arbeidsplassen, slik at det kan leggjast til rette for at den tilsette skal kunne stå lengst mogleg i arbeid gjennom svangerskapet.

I 2022 har Konkurransetilsynet gjennomført to initiativ for å styrkje inkluderande kommunikasjon med vektlegging av likestilling og mangfald. Desse tiltaka er ein del av vårt kontinuerlege arbeid for å sikre ein arbeidsplass der alle tilsette kjenner seg velkomne og verdsette, og der mangfaldet blant oss blir anerkjend som ein styrke.

Stabilt sjukefråvær

I Konkurransetilsynet har vi dei siste tre åra hatt ein nedgang og stabilt lågt nivå på sjukefråværet.

I 2022 auka sjukefråværet til 4,2%. Dette er ein liten auke frå 2021, men likevel lågare enn dei tidlegare åra. Årsaka til auka kan vere meir eksponering for smitte gjennom fleire nærkontaktar og auka risiko for å bli smitta av virus og sjukdomar. Sidan vi no har gode rutinar på heimekontor, er dette eit viktig tiltak for å auke arbeidsnærvær ved sjukdom.



Inkludering

For Konkurransetilsynet er det viktig å ha ein inkluderande rekrutterings- og personalstrategi, og slik hjelpe til det inkluderande arbeidslivet i staten. Gjennom vår personalpolitikk arbeider vi for å hindre fråfall og leggje til rette for tilsetjingar av medarbeidarar med nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn. Tidlegare har vi delteke i eit traineeprogram med dette føremålet, og det førte til ei fast tilsetjing og gav oss gode erfaringar. Vi vil fortsetje å gjere vurderingar for dette programmet for åra som kjem. Vi opplever likevel at det er få søkjarar til ledige stillingar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en (i 2022 hadde vi 14 nyttilsetjingar totalt, men ingen i denne kategorien).



Tiltak for mangfold, inkludering og likestilling	Resultat	Vegen vidare
<p>Kultur for mangfold</p> <p>Bevisstgjerjing av leiarar, rekrutterarar og tillitsvalde om inkluderingsmålet. Fokus på leiarrolla</p> <p>Fokus på god oppfølging, tilrettelegging, og restarbeidsevne, òg for eigne tilsette</p> <p>Fokus på alminneleggjing av heile spekteret av sjukdom</p> <p>Foredrag frå bedriftshelsetenesta med breiare tilbod</p> <p>Seminar og informasjon om mangfold og psykisk helse. Seminar om inkluderande kommunikasjon</p> <p>Retningslinje fjernarbeid og heimekontor for auka deltaking og tilrettelegging. Bruk av heimekontor kan òg reknast som eit inkluderingstiltak</p>	<p>Auka tendens til bruk av eigenmelding og gradert sjukmelding framfor heil sjukmelding. Stabilt lågt sjukefråvær.</p> <p>Konkurransetilsynet vektlegg inkludering i intern kommunikasjon. Tilsynet søkjer å vise mangfaldet i organisasjonen, og å vise at alle er ei viktig brikke i organisasjonen</p> <p>Fleire tilsette med nedsett funksjonsevne der arbeidsoppgåver og ansvar blir lagd til rette for den enkelte</p> <p>Tett dialog mellom arbeidstakar, næraste leiar og HR</p>	<p>Leiarutvikling</p> <p>Auke verksemda si kunnskap innan inkludering, mangfold og likestilling gjennom auka fokus, kurs og foredrag</p> <p>Bruk av spesialkompetanse frå bedriftshelseteneste ved opplæring og rådgjeving</p> <p>Bruk av heimekontor som ei fleksibel ordning. Evaluere retningslinje fjernarbeid/heimekontor</p> <p>Lære om temaet frå andre verksemder</p>
<p>Rekruttering</p> <p>Utlysingstekster tilpassa for å tiltrekkje oss søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en</p> <p>Etablert samarbeid rundt rekruttering med NAV Bergen</p> <p>Arbeidstakarar som ikkje har norsk som morsmål kan få tilbod om å delta på norskundervisning dekt av arbeidsgjevar</p> <p>Etablert "Beste praksis" på rekruttering og onboarding. Styrkje HR si rolle i rekrutteringsprosessen. Grundigare jobb med jobbanalysen</p> <p>Fleire leiarar, tillitsvalde og HR delteke på kurs i "Mangfaldsrekruttering"</p>	<p>Førebels for kort periode til å måle effekt. Dette er eit fleirårig arbeid. Endring i haldningar til rekruttering vil gje effektar over tid</p> <p>Konkurransetilsynets tilsette har åtte ulike nasjonalitetar, og ein har bakgrunn frå utanfor EØS og fleire som ikkje har norsk som morsmål</p> <p>Kjønnsbalansen i organisasjon og i leiargruppa i 2022 er ihht. mål.</p>	<p>Jobbe vidare med kravspesifikasjonar i utlysingstekstar som balanserer omsyn til mangfold og kvalifikasjonsprinsippet</p> <p>Konkurransetilsynet skal forankre rekrutteringsarbeidet vidare i organisasjonen i dette arbeidet, både hos leiarar og tillitsvalde. Utforming av utlysingstekst er ein viktig del av dette arbeidet</p> <p>HR skal saman med leing sikre fokus på den beste praksisen til rekruttering med fokus på mangfold og inkludering, også for lærlingar</p>
<p>Universelt utforma nettsider og lokale for besøkjande og tilsette</p> <p>Konkurransetilsynets lokale er universelt utforma</p> <p>Etterleving av EØS-direktiv om inkluderande kommunikasjon</p>	<p>Nettsida konkurranstilsynet.no er utarbeidd i samsvar med krava som er sette til offentlege nettsider om universell utforming. Dei fleste krava som er oppfylte viser til oppsett og utforming av innhald.</p>	<p>I digitaliseringsstrategien legg Konkurransetilsynet vekt på korleis digitale hjelpemiddel kan bidra til inkludering.</p>
<p>Erfaringsutveksling og kompetanseheving</p> <p>Mesteparten av erfaringsutveksling har skjedd digitalt gjennom nettverk i departementet og staten</p> <p>Delteke på digitale samlingar og webinar hos DFØ og andre</p>	<p>Deltaking i nytt HR-nettverk i departementet som gir verdifull erfaringsutveksling på relevante og aktuelle tema</p>	<p>Bruke aktive nettverk til å forsterke og fornye eigen personalpolitikk</p> <p>Fleire foredrag i nemnt nettverk</p>
<p>Deltaking traineeprogrammet</p> <p>Konkurransetilsynet har delteke i traineeprogrammet i staten 2019/2020</p>	<p>Desember 2019 tilsette Konkurransetilsynet ein kandidat i eit års mellombels engasjement. Vellukka, fast tilsett i 2020. Erfaringar delt med ulike nettverk</p>	<p>Vurdere ny trainee ved nyttilsetjingar.</p> <p>Hauste erfaringar. Alminneleggjere og ufarleggjere.</p>

Lærlingar

Konkurransetilsynet hadde i 2022 ein IKT-lærling. Per januar 2023 er det lyst ut ledig stilling som lærlingar i Service- og administrasjonsfaget frå hausten 2023.

Likestilling

	År	Menn i pst.	Kvinner i pst.	Totalt (N)	Løna til kvinner av menn
Direktørar (ekskl. konkurransedirektør)	2022	43	57	8	95,8 %
	2021	56	44	9	95,0 %
Seniorrådgjevarar	2022	47	53	62	97,2 %
	2021	45	55	74	95,7 %
Rådgjevarar	2022	22	78	15	102,9 %
	2021	19	81	16	107,3 %
Førstekonsulentar	2022	36	64	9	100,5 %
	2021	33	67	6	102,6 %

Talet på kvinner i leiande stillingar

Konkurransetilsynet har som målsetjing at toppleiinga skal bestå av minst 30 prosent kvinner, og dette målet vart nådd i 2022 med ei leiargruppe på fire menn og seks kvinner.

Likelønn

Når det gjelder likelønn mellom kjønn på alle stillingsnivå, er fordelinga relativt lik som i 2021, og lønna til kvinner har auka i forhold til menn. For direktørgruppa utanom konkurransedirektøren er del lønna til kvinner av lønna til menn 95,8 prosent. Skilnad kjem av ulik tenestetid og ansvar. Vi har difor ikkje planlagt eller sett i verk spesielle tiltak på dette området, men vi følgjer med og vil vurdere tiltak ved behov.

Sjukefråvær og kjønn

I Konkurransetilsynet har kvinner (57,3 prosent) eit høgare sjukefråvær enn menn (47,2 prosent), noko som òg er ein trend på nasjonalt nivå. Det er mange hypotesar om årsaker til denne generelle forskjellen, men inga direkte forklaring. Tilsynet har fleire tiltak for å redusere sjukefråvær, og har eigne tiltak for å redusere sjukefråvær blant gravide kvinner, mellom anna god oppfølging. Alle gravide arbeidstakarar får tilbod om trepartssamtale og jordmor.

År	Tilsette	Deltid*		Midlertidig tilset-ting		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
		Total (N)	% menn	% kvinner	% menn	% kvinner	% permisjons-dagar menn ⁷	% Permisjons-dagar kvinner ⁸	% menn
2022 ⁹	100	0	1,9	0	0	6	9	2,5	2,5
2021	105	2,3	1,6	2,3	0	5,1	1,4	2,1	3,0

Konkurransetilsynet har som mål å tilsetje fast på heiltid, men gjer samstundes delvis permisjon eller mellombels redusert stilling ihht. arbeidsmiljølova og Hovudtariffavtalen dersom tilsette har behov for den tilrettelegginga.

4.4 Bruk av konsulentar og kommunikasjonstenester

Konkurransetilsynet har i 2022 nytta kommunikasjonstenester til 156 792 kroner, hovudsakleg for formål som medietrening av leiargruppa og utvikling av opplæringsvideoar for ein informasjonskampanje. Konkurransetilsynet er ein liten organisasjon med ei lita kommunikasjonsavdeling, og har dermed behov for teknisk støtte.

Konkurransetilsynet har i 2022 kjøpt øvrige konsulenttenester for 1,377 mill. kroner. Dette er tenester som i hovudsak er sakkyndig bistand til etterforsking og rettssaker, bistand til rekruttering og teknisk støtte til programvare og arkivsystem.

Samla har tilsynet nytta konsulenttenester for om lag 1,5 årsverk i 2022.

Konsulenttenester	2020	2021	2022
Konsulenttenester	1 992 033	1 840 350	1 377 000
Konsulenttenester kommunikasjonsrådgjeving	83 284	14 637	156 792
Konsulenttenester til organisasjonsutvikling	98 000	14 700	30 000

⁷ Permisjonsdagar i prosent av totalt antal avtalte dagsverk menn

⁸ Permisjonsdagar i prosent av totalt antal avtalte dagsverk menn

⁹ Teljemåte for 2022: Berre arbeidstakarar med arbeidsavtale med deltid blir oppgitte i tala. Permisjonar og redusert arbeidstid er ikkje medrekna.

4.5 Tryggleik og beredskap

Konkurransetilsynet har i 2022 arbeidd systematisk med å førebygge uønskte hendingar som kan hindre måloppnåing og forårsake alvorleg skade i eiga verksemd eller hos andre. Tilsynet tek ansvar for å handtere digitale angrep i eiga verksemd og for å dele informasjon om digitale angrep med departement og relevante samarbeidspartnarar. Konkurransetilsynet har implementert dei fleste tilrådde tiltaka i nasjonal strategi for digital trygging. Tryggingsmål og aktivitetar er no ein del av verksemdas strategi og styring.

I Konkurransetilsynet er tryggingarbeidet ein kontinuerleg prosess. Vi søker å finne ein god balanse mellom naudsynte tryggingstiltak og akseptabel risiko, samtidig som vi skal unngå at tryggingstiltaka fører til lav effektivitet og er til hinder for å nå måla våre.

I arbeidet vårt med trygging av sentrale verdier, arbeider vi systematisk med å iverksette førebyggjande tiltak for å hindre skade på verdiane våre. Tryggingarbeid er risikobasert, og vi gjennomfører øvingar og tek lærdom av desse. I 2022 har vi gjennomført fire tryggingsovingar, der alle tilsette har vore involverte i ein av desse. Avvikssystem og tryggingsovingar bidreg til at vi oppdagar sårbarheiter og kan setje i verk tiltak som kan førebygge uønskte hendingar.

I februar 2022 vart det gjennomført ei årleg verdibasert risikovurdering for verksemda sine verdier. Risikovurderinga er basert på interne sårbarheiter og det oppdaterte trusselbildet presentert av nasjonale myndigheiter. Risiko som ikkje kan akseptast, blir handtert ved å setje i verk ulike tiltak for å redusere risiko.

Konkurransetilsynet har krise- og beredskapsplanar som bidreg til å handtere ulike typar uønskte hendingar på ein systematisk måte, og sørge for å avgrense alvorleg skade i størst mogleg grad dersom ei krise oppstår. Planane vert fortløpande oppdatert og endra etter hendingar eller øvingar.

Det er ikkje gjennomført øving saman med Nærings- og fiskeridepartementet, slik det er oppgitt i tildelingsbrevet for 2022. Konkurransetilsynet har etterlyst ei slik øving på etatsstyringsmøter i 2022.



Lorna Fredriksen

Tryggingisleiar

" Opplæring og tryggingsovingar har i 2022 vore eit viktig bidrag for å auke kompetansen og forbetre tryggingkulturen hos leiarar og tilsette. utfordringane vidare vert å følgje med på ein sikkerheitssituasjon under rask endring og evne å omstille oss raskt om det oppstår nye trugslar og sårbarheiter".

5 Vurdering av framtidsutsikter

Konkurransetilsynet sin visjon er at vi skal vere eit profesjonelt tilsyn førebudd for 2030. Dette er ein refleksjon av at marknadene er i endring - og allereie har endra seg mykje. Digitalisering verkar inn på korleis selskap i stadig fleire marknader er datadrivne. Men digitalisering, sterke nettverkseffektar, plattformteknologi og skybaserte tenester aukar tendensen til maktkonsentrasjon. Vi ser nye forretningsmodellar og at store globale selskap er skaparar av nye digitale marknader og utfordrar eksisterande nasjonale marknader. Marknadsaktørar i ei rekkje marknader bruker store mengder data, kunstig intelligens og algoritmar i marknadstilpassinga si.

Marknadsutviklinga har allereie resultert i marknadsdominerande posisjonar, der globale aktørar og digitale plattformer utnyttar sin posisjon på ein konkurranseavgrensande måte. Utviklinga kan òg auke faren for ulovleg prissamarbeid, men på nye måtar - mellom anna ved at tradisjonelle avtalar mellom konkurrentar blir erstatta ved at datamaskiner og algoritmar snakkar med kvarandre. Utviklinga inneber med andre ord at den tradisjonelle tilnærminga til alle sidan ved handhevinga blir utfordra.

Misbruk av dominerande stilling

Europeiske styresmakter har allereie handtert ei rekkje saker om misbruk av dominerande stilling i nettbaserte marknader som er prega av digitalisering.

Til dømes har Kommisjonen retta tre vedtak mot Google, sendt varsel om vedtak til Amazon og oppretta sak mot Facebook. Også nasjonale konkurransestyresmakter, i til dømes Tyskland, Frankrike, Italia og Storbritannia, har gjort vedtak mot dominerande aktørar i marknader prega av digitalisering.

Ei rekkje av desse vedtaka ville ikkje vore mogleg utan inngåande kompetanse og forståing for korleis aktørane bruker digitaliserte prosessar i marknadstilpassinga si.

Konkurranseavgrensande samarbeid

Forbodet mot konkurranseavgrensande samarbeid er ein berebjelke i konkurransepolitikken. Digitaliseringa av samfunnet har ført til nye utfordringar for konkurransestyresmaktene i kampen mot konkurranseskadelege avtalar.

På den eine sida har utviklinga gjort det mogleg for føretak å få ei djupare innsikt i marknadsforhold på ein automatisert måte gjennom bruk av ulike typar algoritmar. Bruk av slike algoritmar kan vere effektivitetsfremjande ved at tilbydarar kan respondere raskt på endringar i kostnader og etterspurnad. På den andre sida er det ei aukande bekymring i ei rekkje land for at prisingsalgoritmar òg kan skade konkurransen, til dømes ved å leggje til rette for eksplisitt eller stilleiande prissamarbeid. I arbeidet med å avdekkje konkurranseskadeleg algoritmeprising er det nødvendig å hente inn og undersøkje programvara/algoritmane føretak nyttar i prissettinga si. Arbeidet krev digital kompetanse som dataingeniørar og programmerarar rår over.

Vi observerer at konkurransestyresmaktene i stadig fleire land opprettar digitale etterforskingseiningar der dei byggjer opp kompetanse og utnyttar ulike digitale verktøy for automatisert innhenting av marknadsinformasjon ("web-scraping") for å avdekkje mønster som kan tyde på ulovleg samarbeid. Særleg i analysen av offentlege innkjøpsdata er dette ei lovande etterforskingstilnærming. Men det krev tilgang til data, verktøy for analyse og avdekking av prismønster som ikkje harmonerer med konkurranse ("red flags" basert på "screening") og det krev kompetanse og kapasitet. At potensialet for samfunnsøkonomisk gevinst av dette arbeidet er stort, vert støtta opp under ved at offentleg sektor kjøper inn varer, tenester og bygge- og anleggsarbeid for om lag 600 milliardar kroner årleg.

Fusjonskontrollen

For å sikre ei effektiv vurdering av konkurranseskadelege føretakssamanslutningar vil det i åra som kjem vere avgjerande for tilsynet å ha kontinuerleg oppdatert digital kompetanse. Sidan marknadstilpassinga til aktørane i stadig større grad blir påverka av digitaliserte løysingar, vil tilsynet ikkje vere i stand til å vurdere konkurranseskadelege aspekt ved fusjonar utan å ha brei kompetanse om verksemdar si bruk av digitaliserte verktøy. Eit døme på dette er britiske konkurransestyresmakter sin bruk av dataspesialistar i fusjonssaker, utforming av skadehypotesar, marknadsforståing, og utforming av tekniske avhjelpande tiltak i føretakssamanslutningar der store digitale plattformer kjøper andre selskap, og dessutan føretakssamanslutningar i marknader for skyteknologi og hardware som databrikker.

Ny satsing er naudsynt

Konkurransetilsynet arbeider kontinuerleg for å handtere utfordringane og utnytte moglegheitene som digitaliseringa inneber. Målet er å leggje til rette for meir konkurranse, forhindre monopolisering og bidra til eit dynamisk og konkurransedyktig næringsliv. I Konkurransetilsynet sin strategiplan for 2022 til 2027 kjem det fram at vi arbeider målretta langs mange dimensjonar for å adressere utfordringane. Dette skjer på grunnlag av tilgjengelege ressursar. Det er viktig for oss å utnytte desse på ein effektiv måte.

Men å byggje eit konkurransetilsyn som er førebudd til 2030 krev meir enn å flikke på tilnærminga fortida hadde til handheving.

Når marknadene vert digitaliserte stiller det òg nye krav til Konkurransetilsynet som handhevingsorgan. Tilsynet treng difor auka digital kompetanse for å handheve eksisterande regelverk på forsvarleg måte. Tilpassa kompetanse gjer det mogleg for tilsynet å forstå korleis ulike marknader fungerer, og er heilt naudsynt for å gjennomføre vurderingar av konkurransen i ein stor del av sakene som tilsynet behandlar. Tilsynet vil òg på ein langt meir effektiv måte kunna hente store mengder data og omarbeide desse. Det vil òg bli lettare å hente inn informasjon om algoritmar og forstå betydninga av desse i marknadsåtferda til aktørane.

For at Konkurransetilsynet skal komme i posisjon til å adressere utfordringane og utnytta moglegheitene som digitalisering inneber, er det naudsynt med ei brei og offensiv satsing. Ei slik satsing vil vere eit viktig bidrag til Regjeringa si målsetjing om å ta større eigarskap i den digitale økonomien. Men dette er ikkje mogleg med dei ressursane Konkurransetilsynet i dag har tilgjengeleg.

Den digitale utviklinga fører også til ein ny type konkurranseproblem som ikkje kan løysast med lovverket ein har i dag.. På EU-nivå er Kommisjonen sitt nye verktøy Digital Markets Act eitt svar på dette. Det er naturleg å vurdere om lovgevinga på nasjonalt nivå er tilpassa utfordringane.

Konsekvensane av å ikkje lykkast med Konkurransetilsynet sin visjon er alvorlege, ikkje berre i form av redusert verdiskaping og svekt konkurransekraft heime og ute - men òg i form av aukande inntektsforskjellar, noko som undergrev den norske modellen.

6 Årsrekneskap

6.1 Kommentar frå leiinga

Stadfesting

Årsrekneskapen er i samsvar med "bestemmelser om økonomistyring i staten", rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå NFD i instruks for økonomistyring. Rekneskapen gir eit dekkande bilete av Konkurransetilsynets disponible tildeling, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2022 har Konkurransetilsynet disponert tildelingar på kap. 911 post 01 tilsvarande 129,391 mill. kr. I tildelinga er det inkludert overført bevilling frå 2022 på 5,420 mill. kr. I tillegg har tilsynet disponert ei samla tildeling på 5 mill. kr. på kap. 911, post 70 til konkurransefagleg forskning. I tildelinga er det inkludert overført bevilling frå 2022 på 3 mill. kroner.

Konkurransetilsynet har sidan 2014 lyst ut midlar frå det alminnelege prisreguleringsfondet til forskning på konkurranseforhold og pris- og konkurransepolitikk. I 2021 var det ikkje midlar igjen i fondet til ei ny tildelingsrunde, og det vart vedtatt å tildele middel til ein ny post under kap. 911 post 70 til konkurransefagleg forskning. I mars 2022 vart det lyst ut inntil 5 millionar kroner i tilskotsmidlar til konkurransefagleg forskning etter nye retningslinjer av 2022. Konkurransetilsynet har gjennom vedtak tildelt totalt 4,582 millionar kroner for 2022 og 2023.

Konkurransetilsynet har hatt ein reduksjon på 8 utførte årsverk i 2022 frå 2021, dette kjem av ein sterk auke i avgang i 2022.

Rapporterte utgifter til drift og investeringar for Konkurransetilsynet summerte seg til 124,863 mill. kr., der utbetalingar til lønn og sosiale utgifter utgjer 94,372 mill. kr. Konkurransetilsynet har i 2022 hatt økte utgifter til reiser og kurs samanlikna med 2021, som var prega av covid-19. Utgiftene til reiser og kurs har auka til eit normalt nivå. Tilsynet har i 2022 hatt kostnader på 1,5 mill. kr. til ombygging av kontorlokale.

Konkurransetilsynet vil søke om overføring av ubrukt løyving på post 01 i 2022 på 4,528 mill. kr. til 2023. I tillegg søker tilsynet om overføring av ubrukt løyving på post 70 – Konkurransefagleg forskning på kr. 4,102 mill. til 2023.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekreftar årsregnskapet for Konkurransetilsynet samt det alminnelege prisreguleringsfondet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil vere ferdig innan 1. mai 2023.

Konkurransetilsynet vil forvalte det alminnelege prisreguleringsfondet, til fondet er tomt. Viser til vedlegg 1 og 2 angående omtale og årsrekneskap for dette.

Bergen, 15. Mars 2023



Tina Søreide
Konkurransedirektør

6.2 Prinsippnote

Årsrekneskapen for statlege verksemder er utarbeidd og avlagt etter retningslinjene fastsett i "Bestemmelser om økonomistyring i staten". Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 og "Virksomhets- og økonomiinstruks" fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgiftene og inntektene er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Summeringslinja "Netto rapportert til løyvingsrekneskapet" er lik i begge oppstillingane.

Konkurransetilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder vert ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt vert saldo på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt.

Løyvingsrapportering

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa viser løyvingsrapportering, og behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Konkurransetilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Det er oppstilt etter kapittel og post i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og gjeld vi står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittelet for ei anna verksemd/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir vist i kolonnen for rekneskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir bokført og blir ikkje rapportert til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Avgitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapportert av verksemda som har mottatt belastningsfullmakta og blir derfor ikkje vist i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapportering

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorapporteringa viser kva rekneskapstal vi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og visast derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga.

Vi har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og visast derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga. Note 9 i artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorapportering med notar viser rekneskapstal rapportert til statsrekneskapen. Note 9 til artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa. Nota viser forskjellen mellom beløp verksemda har bokført på eigedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen og som inngår i mellomveranda med statskassa.

Konkurransetilsynet har innretta bokføringa slik at den følger krava i "Bestemmelser om økonomistyring i staten". Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Det inneber at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokført i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2022

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2022	Merutgift (-) og mindretgift
0911	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A, B	129 391 000	124 863 237	4 527 763
0911	Forskningsmidler	70	Tilskudd til konkurransefa	A, B	5 000 000	897 950	4 102 050
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten		0	2 949 163	
<i>Sum utgiftsført</i>					<i>134 391 000</i>	<i>128 710 350</i>	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling*	Regnskap 2022	Merinntekt og mindreinntekt(-)	
3911	Refusjoner og andre inntekter	03	Refusjoner og andre inntekter, Konkurransetilsyn	200 000	161 000	-39 000	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter - ymse	0	116 667		
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift	0	11 649 034		
<i>Sum inntektsført</i>					<i>200 000</i>	<i>11 926 701</i>	

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet

Kapitalkontoer

60046801	Norges Bank KK /innbetalinger				3 570 588	
60046802	Norges Bank KK/utbetalinger				-117 647 108	
715810	Endring i mellomværende med statskassen				-2 707 129	
<i>Sum rapportert</i>					<i>0</i>	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

Konto	Tekst	2022	2021	Endring
715810	Mellomværende med statskassen	-6 560 209	-3 853 080	-2 707 129

Note A - Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samlet tildeling
091 101	5 420 000	123 971 000	129 391 000
091 170	3 000 000	2 000 000	5 000 000

Konkurransetilsynet har i 2022 disponert ei samla tildeling på kr 129,391 mill. kroner på kapittel 0911 post 01 og 5 mill. kroner på kapittel 0911 post 70.

Note B - Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/ mindre utgift	Meirutgift(-)/ mindre-utgift etter tekne be-lastnings- fullmakter	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
091 101		4 527 763	4 527 763	4 527 763	6 198 550	4 527 763
091 170	"kan overførast"	4 102 050	4 102 050	4 102 050	5 000 000	4 102 050

Stikkordet «kan overførast»

Forskningsmidlar kapittel 0911 post 70 kan overføre summen av dei siste to års løyving. Mogleg overførbart beløp er kr. 4 102 050

Mogleg overførbart beløp

Kapittel 0911 post 01 kr. 4 527 763

Kapittel 0911 post 70 kr. 4 102 050

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2022

	Note	2022	2021
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer Salgs- og leieinnbetalinger	1	0	0
Andre innbetalinger	1	161 000	214 400
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		0	0
		161 000	214 400
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn Andre	2	94 372 141	95 239 806
utbetalinger til drift	3	30 483 662	25 570 138
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		124 855 803	120 809 944
Netto rapporterte driftsutgifter		124 694 803	120 595 544
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	0	306 799
Utbetaling til kjøp av aksjer	5	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	7 116	795
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		7 116	307 593
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		7 116	307 593
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	-318	1 570 581 960
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		-318	1 570 581 960
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	897 950	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		897 950	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt) Arbeidsgiveravgift		116 667	128 017
konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt) Nettoføringsordning for merverdiavgift		11 649 034	11 717 330
konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		2 949 163	2 629 461
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-8 816 538	-9 215 886
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		116 783 649	-1 458 894 709
Oversikt over mellomværende med statskassen			
Eiendeler og gjeld		2022	2021
Fordringer på ansatte		248 997	208 355
Kontanter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-3 993 061	-3 987 876
Skyldige offentlige avgifter		-87 757	-79 325
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse****		-2 734 545	0
Mottatte forskuddsbetalinger		0	0
Lønn (negativ netto, for mye utbetalt lønn m.m)		9 357	8 966
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger		-3 200	-3 200
Sum mellomværende med statskassen	8	-6 560 209	-3 853 080

**** I forbindelse med omlegginga av pensjonspremiemodellen til SPK i 2022, vart faktureringa frå SPK lagt om. I 2021 hadde faktura for pensjonspremien for 6. termin betalingsfrist i desember, mens pensjonspremien for 6. termin i 2022 vart fakturert i desember med betalingsfrist i januar 2023. Pen-sjonsutgifta etter omlegginga av pensjonspremiemodellen skal framleis vera lik fakturert pensjonspremie frå SPK. Balansekontoar kopla mot mellomverande med statskassen nyttast for å utgiftsføre ter-minfaktura for 6. termin 2022 og eventuell tilleggsfaktura frå SPK, sjølv om desse ikkje er betalt i 2022, jf. rundskriv R-118 Regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter og rundskriv R-8/2022 Regnskapsføring av ikke utbetalte lønnsmidler ifm. lønnsoppgjøret 2022 og konsekvensar av mang-lande rapportering i november for fakturering og regnskapsføring av pensjonspremie frå SPK.

Note 1 - Innbetalningar frå drift

	31.12.2022	31.12.2021
<i>Innbetalningar frå gebyr</i>		
Sum innbetalningar frå gebyr	0	0
<i>Innbetalningar frå tilskot og overføringar</i>		
Sum innbetalningar frå tilskot og overføringar	0	0
<i>Sals- og leigeinnbetalningar</i>		
Eksterne refusjonsinntekter	161 000	214 400
Sum sals- og leigeinnbetalningar	161 000	214 400
<i>Andre innbetalningar</i>		
Sum andre innbetalningar	0	0
Sum innbetalningar frå drift	161 000	214 400

Note 2 - Utbetaling til løn

	31.12.2022	31.12.2021
Løn	77 042 627	76 643 353
Arbeidsgivaravgift Pensjonsutgifter*	11 649 034	11 717 330
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	7 565 074	8 404 256
Andre ytingar	-3 379 558	-2 954 108
	1 494 964	1 428 975
Sum utbetaling til lønn	94 372 141	95 239 806

Tal på utførte årsverk: **84** **92**

* Pensjonar vert utgiftsført i artskontorrapporteringa. Premiesatsen for arbeidsgjevarandelen utgjorde i 2022 12 prosent (arbeidsgjevarandelen av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2022 rapportert til SPK).

For rekneskapsåret 2021 nytta verksemda ein forenkla modell for premiebetaling, noko som innebar betaling av ein fast premiesats for arbeidsgjevarandelen på 12 prosent.

Forklaring til endringa av arbeidsgjevardel mellom 2021 og 2022

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler alle statlege verksemder ein verksemdspesifikk hendingsbasert arbeidsgjevardel som del av pensjons-premien. At premien er verksemdspesifikk, betyr at den vert berekna ut i frå den enkelte verksemd, og ikkje for grupper av verksemder. At den er hendingsbasert, betyr at den tar omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er à jour i forhold til medlemmer sin opptening. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

For verksemda som mottek tilleggsfaktura frå SPK i desember 2022

Pensjonspremien for 2022 er basert på ein oppdatert årsprognose frå SPK. I denne prognosen er det nytta lik lønnsvekst for alle tilsette i berekninga av pensjonspremie i staden for individuell lønnsvekst. Dette skyldast at individuelle lønnspåslag ikkje var klar i tide til å bli inkludert i terminfakturaen for 6. termin 2022 frå SPK. Verknaden av individuelle lønnspåslag vil difor først inngå i premiefakturaen for 1. termin 2023. Bruk av oppdatert årsprognose for rekneskapsføring av pensjonspremie i 2022 gir difor ikkje eit heilt riktig bilete av faktisk pensjonspremie i 2022. Faktisk pensjonspremie for 2022 og 2023 blir riktig totalt sett, men fordelinga mellom dei to rekneskapsårene vil ikkje vere heilt presis.

Note 3 - Andre utbetalinger til drift

	31.12.2022	31.12.2021
Husleige	13 144 383	12 667 646
Vedlikehald eigne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale Andre	1 507 998	35 040
utgifter til drift av eigedom og lokale Reparasjon og	2 758 409	2 300 554
vedlikehald av maskiner, utstyr mv. Mindre	85 559	71 000
utstysinnkjøp	1 122 411	20 416
Leige av maskiner, inventar og liknande	4 629 463	3 446 836
Kjøp av konsulenttenester	842 023	1 840 350
Kjøp av andre framande tenester	808 671	292 090
Reiser og diett	2 138 235	739 505
Andre driftsutgifter	3 446 510	4 156 702
Sum andre utbetalningar til drift	30 483 662	25 570 138

Konkurransetilsynet har i 2022 hatt økte utgifter til reiser og diett samanlikna med 2021. I 2021 var utgiftene til reiser og diett lågare enn eit normalår grunna covid-19 pandemien. Utgiftene til reiser og kurs har økt frå 2021 som følge av gjenopninga av samfunnet og er no på eit normalt nivå.

Konkurransetilsynet har i 2022 hatt ombygging av lokale på 1,5 mil. kroner.

Leige av maskiner, inventar og liknande har økt med over 1 mil. kroner frå 2021 til 2022 grunna endra praksis. I dialog med Riksrevisjonen har tilsynet i 2022 endra praksis for bruken av konto 4740. Tidle-gare år har tilsynet nytta konto 4740 for anskaffing av programvare over 30 000 kroner. Tilsynet har

endra praksis i samband med føring av programvareanskaffingar då tidlegare års praksis ikkje er i medhald av rettleiing til standard kontoplan.

Note 4 - Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2022	31.12.2021
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	7 116	795
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	7 116	795

Note 5 - Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2022	31.12.2021
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle eigedelar og liknande Tomter, bygningar og anna fast eigedom	0	306 799
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskiner og transportmidlar Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	0	0
	0	0
Sum utbetaling til investeringar	0	306 799
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

I dialog med Riksrevisjonen har tilsynet i 2022 endra praksis for bruken av konto 4740. Tidlegare år har tilsynet nytta konto 4740 for anskaffing av programvare over 30 000 kroner. Tilsynet har endra praksis i samband med føring av programvareanskaffingar då tidlegare års praksis ikkje er i medhald av rett-leiing til standard kontoplan.

Note 6 - Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2022	31.12.2021
Gebyr som ikkje inngår som driftsinntekt	-318	1 570 581 960
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten	-318	1 570 581 960

Konkurransetilsynet har i 2022 ikkje hatt innbetalingar frå gebyr som følgje av brot på konkurranselova. Størrelsen på gebyr i rekneskapen vil variere vesentleg frå år til år i samsvar med talet på saker og saken sin art.

Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	31.12.2022	31.12.2021
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	897 950	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	897 950	0

Konkurransetilsynet har i 2022 betalt ut 897 950 kroner til konkurransefagleg forskning under post 70. Tilsynet fekk tildeling på 3 mil. kroner i 2021 og 2 mil. kroner i 2022 til konkurransefagleg forskning. Retningslinjene til utlysing av forskingsmidlar var ikkje klare før i 2022, derfor blei midlane samla lyst ut og tildelt nye forskingsprosjekt i 2022. Se vedlegg 2 for utfyllande informasjon om forskingsprosjekta.

Note 8 - Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomverande med statskassen

	31.12.2022	31.12.2022	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
<u>Finansielle anleggsmidler</u>			
Investeringar i aksjar og andelar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<u>Omløpsmiddel</u>			
Kundefordringar	7 000	0	7 000
Andre fordringar	545 048 997	248 997	544 800 000
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>545 055 997</i>	<i>248 997</i>	<i>544 807 000</i>
<u>Langsiktig gjeld</u>			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<u>Kortsiktig gjeld</u>			
Leverandørgjeld	-3 518 739	0	-3 518 739
Skyldig skattetrekk	-3 993 061	-3 993 061	0
Skyldige offentlege avgifter	-87 757	-87 757	0
Anna kortsiktig gjeld	6 157	-2 728 388	2 734 545
<i>Sum</i>	<i>-7 593 400</i>	<i>-6 809 206</i>	<i>-784 194</i>
Sum	537 462 597	-6 560 209	544 022 806

Vedlegg 1 - Det alminnelege prisreguleringsfondet - Årsrekneskap

1 Kommentar frå leiinga

Det alminnelege prisreguleringsfondet vart oppretta i 1941 med sikte på å få til disposisjon av prisutjamningsmiddel som ikkje var knytt til bestemte bransjar, men som kunne brukast til prisnedskrivning eller for å hindre prisstigning der det ikkje var praktisk å gjennomføre spesielle utjamningsordningar. Fondet var den gong heimla i prislova § 25 og vedtektene er gitt ved kgl. res. av 22. desember 1950. Prislova § 25 vart i 1991 endra ved at det vart gitt høve til å bruke midlar av fondet til andre formål enn prisreguleringstiltak. Konkurransetilsynet har sidan 1999 vore sekretariat og rekneskapsfører til fondet. Fondet hadde ved overtaking pr 31. desember ei kontantbeholdning på 21,8 mill. kr. og ei renteinntekt på 1,3 mill. kr. Nærings- og fiskeridepartementet (NDF) vedtok i 2014 nye retningslinjer for fondet, som innebar at midla kunne nyttast til å gje tilskot til forskning om konkurranseforhold og pris- og konkurransepolitiske verkemiddel. Fondet vart omgjort til tilskotsfond, og skulle byggast ned og avviklast. Tildeling har i tillegg til nemnde retningslinje vore regulert av Økonomiregelverkets avgjerder kap. 3 og 6 og forskrift nr. 4316 av 24. januar 1992 om det alminnelege prisreguleringsfond.

Fleire forskingsprosjekt vart avslutta med gode resultat gjennom året. Fleire artiklar er publiserte eller i prosess med å bli publiserte i anerkjende tidsskrift. Tilsynet gjennomfører ulike tiltak for synleggjering av forskingsresultata, mellom anna ved publisering av artiklar på nettsider, tilvising i kronikkar og innlegg, i tillegg til at nokon av midla vert tildelte direkte til organisering av opne seminar innan konkurranseøkonomi og konkurranserett.

Utbetalte midlar var i 2022 på 2,297 mill. kr. og beholdninga var ved utgangen av 2022 på 0,645 mill. kr. Grunna covid-19 har det vore forseinkingar i mange prosjekt og alle prosjekt har etter ei konkret vurdering fått innvilga fristutsetting. Utbetaling til dei ulike prosjekta vil dermed fortsette i samsvar med tildelt ramme og ressursbruk i justert tidsplan. Ved utgangen av 2022 hadde Prisreguleringsfondet resterande forplikting på 0,678 mill. kr. til dei ulike prosjekta.

Pågåande og avslutta prosjekt er nærare omtalte i vedlegg, og dessutan Konkurransetilsynets årsmelding del 3.

Årsrekneskapen er i samsvar med "bestemmelser om økonomistyring i staten", og krav frå NFD i retningslinjene til fondet. Rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld som fondet har. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for det alminnelege prisreguleringsfondet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per no. Revisjonsmeldinga som i tillegg vil gjelde rekneskapen for Konkurransetilsynet, er forventa å vere klar innan mai 2023. Revisjonsmeldinga er unnateke offentlegheita fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen. Dokumentet blir publisert på Konkurransetilsynets sine nettsider når dokumentet blir offentleg.

Bergen, den 15. mars 2023



Tina Søreide
konkurransedirektør

2 Oppstilling av løyvingrapportering med notar

Prinsippnote for løyvingrapportering

Årsrekneskapen for det alminnelege prisreguleringsfondet er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsett i "Bestemmelser om økonomistyring i staten". Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føreseggene i punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022.

Det alminnelege prisreguleringsfondet vart oppretta ved avsetning av avgifter som følgje av prisregulering. Fondet er gruppert til å vere eit B2.3 fond, eit fond med middel som ikkje kan reknast som aktivum i kapitalrekneskapen, men som statlege styresmakt har rett til å disponere. Det alminnelege prisreguleringsfondet er ein formuemasse (kapital) som rekneskapsmessig er skilt frå dei andre midla til staten, og der brukar er bunden til eit nærare fastsett formål med varigheit utover eitt budsjettår. Fondet har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal gå føre seg gjennom konsernkontoordninga frå staten og likvidane skal oppbevarst på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldning på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen til fondet og endringar i perioden på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle eigedelar og forplikingar som fondet er oppførte med i kapitalrekneskapen til staten, blir vist i oppstillingas nedre del.

Oppstilling av løyvingrapportering 31.12.2022

Behaldning rapportert i likvidrapport	Note	Rekneskap 2022
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs		2 929 472
Bank Endringar i perioden		-2 284 237
<i>Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank</i>		645 235

Behaldning rapportert til kapitalrekneskapet 31.12.2022

Konto	Tekst	Note	2022	2021	Endring
811502	Behaldning på konto(ar) i Noregs bank		645 235	2 929 472	-2 284 237

*Note A utarbeidast ikkje for Det alminnelege prisreguleringsfondet på bakgrunn av at det ikkje blir gitt til- delingar over statsbudsjettet til fondet. Det er berre årlege renteinntekter som blir bokført som inntekter til fondet.

2.1 Oppstilling av fondsrekneskap med notar

Prinsippnote til årsregnskapet

Det alminnelege prisreguleringsfondet har rekneskapsførarnummer 811502 og oppgjerskonto 0677 6014 3695 i Noregs Bank. Fondsrekneskapen tilsvara oppstillinga i rekneskapen til verksemda i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) visast i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalt. Utgifter (overføringar frå fondet) visast i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalt.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Periodens resultat er forskjellen mellom overføring til fondet og overføring frå fondet og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet blir ikkje vist i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

Oppstilling av resultat for PF 2022	Note	2022	2021
<i>Overføringer til fondet</i>			
Overføringer frå andre statlege rekneskap	1	12 640	598
Sum overføringer til fondet		12 640	598
<i>Overføringer frå fondet</i>			
Overføringer til andre statlege rekneskap	2	2 296 877	1 020 344
Sum overføringer frå fondet		2 296 877	1 020 344
Resultat for perioden			
		- 2 284 237	-1 019 746
Disponering			
Overføring av resultat for perioden til opptent fondskapital		-2 284 237	-1 019 746

Oppstilling av balanse for PF 2022	Note	2022	2021
<i>Eigendelar</i>			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		645 235	2 929 472
Sum eigendelar		645 235	2 929 472
<i>Fondskapital og gjeld</i>			
Innskot fondskapital	3	21 800 000	21 800 000
Opptent fondskapital	3	(21 154 765)	(18 870 528)
Sum fondskapital og gjeld		645 235	2 929 472

Note 1

Fondets inntekter består av renteavkastning på behaldning i Noregs Bank. Dette er vist i linja overføringer frå andre statlege rekneskap med kr 12640

Note 2 Det er gjort utbetalingar til prosjekt hos følgande mottakarar i 2022:

Mottakar	Beløp
Samfunns- og Næringslivsforskning AS	685 488
Oslo Economics	78 125
Handelshøyskolen BI	475 875
Menon Business Economics	312 375
UNI Research AS	745 014
Sum tilskotsutbetaling 2022	2 296 877

Note 3

Ved overdraging som sekretariat for fondet i 1999 hadde fondet pr 31.12 ein kontantbeholdning på kr 21,8 mill. Renteinntektene var på kr 1,3 mill. Opptent fondskapital er renteavkastning og utbetalingar i perioden frå overdraging av fondet. Ved utbetalingar frå fondet kan det nyttast både renter og innskoten kapital.

Vedlegg 2 - Det alminnelege prisreguleringsfond - Rapportering på prosjekt

Konkurransetilsynet lyste ut og tildelte frå 2014 til 2020 årleg forskingsmidlar frå det alminnelege prisreguleringsfond. I 2022 vart det lyst ut midlar på om lag fem millionar kroner. I det følgjande vert det gitt ei overordna oversikt over prosjektporteføljen med aktivitet i 2022. Fullstendig oversikt over tildelingar til prosjekt og tilhøyrande artiklar/rapportar er tilgjengeleg på kt.no/forsking.

Nye prosjekt i 2022

Samfunns- og næringslivsforskning AS vart ved vedtak V2022-11 tildelt midlar på totalt 1 173 802 kr, til prosjektet *Cartel policy in the Nordic countries*. Prosjektet skal leiast av professor Lars Sjørgard ved Norges Handelshøyskole. Ifølgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i internasjonale tidsskrift, samt ei masteroppgåve i samfunnsøkonomi. Det planleggjast presentasjonar av studia på nasjonale og internasjonale konferansar. Søker bekrefta 1. september 2022 at vilkår for tildeling er akseptert.

Samfunns- og næringslivsforskning AS vart ved vedtak V2022-12 tildelt midlar på 250 000 kroner for 2022 og 720 000 kroner for 2023, totalt 970 000 kr, til prosjektet *Strategic barriers to entry and expansion in grocery retailing*. Prosjektet skal leiast av førsteamanuensis Morten Sæthre ved Norges Handelshøyskole. Ifølgje søknaden skal prosjektet resultere i ein eller to akademiske artiklar eigna for publisering i høgt rangerte internasjonale tidsskrift, samt ein prosjektrapport som dannar grunnlag for policyanbefalingar. Det planleggjast presentasjonar av studia på nasjonale og internasjonale konferansar. Søker bekrefta 1. september 2022 at vilkåra for tildeling er akseptert.

Oslo Economics vart ved vedtak V2022-13 tildelt midlar på totalt 750 000 kroner for årene 2022 og 2023, til prosjektet *Ex-post analysis of the Telia/Phonero merger in the Norwegian market for mobile telecommunications*. Prosjektet skal leiast av partner Elias Braunfels ved Oslo Economics. Ifølgje søknaden skal prosjektet resultere i ein akademisk artikkel eigna for publisering i internasjonale tidsskrift. Det planleggjast presentasjonar av studiet på nasjonale og/eller internasjonale konferansar. Søker bekrefta 16. august 2022 at vilkåra for tildeling er akseptert.

Samfunns- og næringslivsforskning AS vart ved vedtak V2022-14 tildelt midlar på 584 200 kroner for 2022 og 534 200 kroner for 2023, totalt 1 118 400 kr, til prosjektet *Utvikling av metoder for avdekking av ulovlig samarbeid og misbruk av dominerende stilling anvendt på legemiddelmarkedet*. Prosjektet skal leiast av professor Kurt Brekke ved Norges Handelshøyskole. Ifølgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i internasjonale tidsskrift, samt ein artikkel retta mot det norske konkurranseøkonomiske og -rettslege miljøet. Søker bekrefta 1. september 2022 at vilkåra for tildeling er akseptert.

Universitetet i Sørøst-Norge (USN) vart ved vedtak V2022-15 tildelt midlar på totalt 300 000 kr for årene 2022 og 2023, til prosjektet *The competitive effects of non-discrimination clauses in digital markets*. Prosjektet skal leiast av professor Bjørn Hansen ved USN. Ifølgje søknaden skal prosjektet resultere i ein akademisk artikkel eigna for publisering i internasjonale tidsskrift. Det planleggjast presentasjonar av studia på ein internasjonal konferanse og det er tilbydd ein presentasjon av arbeidet for Konkurransetilsynet. Søker bekrefta 22. august 2022 at vilkår for tildeling er akseptert.

Arntzen de Besche Advokatfirma (AdeB) vart ved vedtak V2022-16 tildelt midler på totalt 600 000 kr for årene 2022 og 2023, til prosjektet *Bærekraft og konkurranserett – handlingsrom og skranker for bærekraftsamarbeid- og initiativ under konkurranseloven § 10 og § 11* ("Bærekraft og konkurranserett"). Prosjektet skal leiast av partner Svein Terje Tveit ved AdeB. Ifølgje søknaden skal prosjektet resultere i ein forskingsrapport, ein artikkel og presentasjon for Konkurransetilsynet. Søker bekrefta 1. august 2022 at vilkåra for tildelinga er akseptert.

Pågåande prosjekt

Tore Lunde: *Gjelder det et skjerpet beviskrav for utmålingsmomenter som inngår i fastsettelsen av administrative reaksjoner? Jf. Høyesteretts dom i Rt-2012-1556 (Brosaken) avsnittene 35 og 60*

Prosjektet fekk ved vedtak V2020-1 tildelt 240.000 kroner for 2021 til prosjektet, som vil levere ein juridisk fagartikkel eigna for publisering i anerkjent tidsskrift. Covid-19 pandemien og andre forhold har før til at prosjektet er forseinka. Prosjektet skal ferdigstillast innan utgangen av mai 2023.

Handelshøyskolen BI: Prissamarbeid, prisforhandlinger og prisdiskriminering

Prosjektet vart ved vedtak V2020-4 tildelt 696.000 kroner for 2020 og 603.500 kroner for 2021, totalt 1.300.000 kroner. Prosjektet skal i samsvar med prosjektplanen levere minst to akademiske artiklar eigna for internasjonal publisering. Prosjektet vil også resultere i to masteroppgåver. Covid-19 pandemien har ført til at prosjektet er forseinka, blant annet for gjennomføring av eksperimenter, og prosjektet vil ferdigstillast innan juni 2023.

Bergen Center for Competition Law and Economics (BECCLE): Seminarer, masterstipender og BECCLE-konferansen

BECCLE-konferansen vart ikkje heldt i 2021 grunna Covid-19 pandemien. BECCLE fekk overført midlar tildelt ved vedtak V2020-3, og overført ved vedtak V2022-22, til gjennomføring av BECCLE-konferansen våren 2022. Konkurransetilsynet ventar på sluttrapport og endeleg rekneskap.

Avslutta prosjekt

SNF/ Universitetet i Bergen, juridisk fakultet/ Noregs Handelshøgskule: *Between predation and bid rigging: Competition issues in procurement markets*

Prosjektet vart ved vedtak V2019-3 tildelt 550.000 kr for 2019 og 850.000 kr for 2020, totalt 1.400.000 kr. Prosjektet har levert tre akademiske artiklar eigna for publisering i vitenskaplege tidsskrift og har gjennomført presentasjonar og workshopen "From bid rigging to zero pricing" som vart heldt i Bergen 28.09.2022.

Uni-Rokkansenteret: *Ikke-pris effekter av fusjoner – implikasjoner for fusjonskontrollen*

Prosjektet vart ved vedtak V2018-1 tildelt 431.000 kr for 2018 og 888.000 kr for 2019. Prosjektet har resultert i to artiklar: "*National pricing with local quality competition*" og "*Merger control in retail markets with national pricing*".

Norges Handelshøyskole *European Association for Research in Industrial Economics (EARIE) konferanse 2021:* Prosjektet vart ved vedtak V2020- 2 tildelt 300.000 kroner i 2021 til gjennomføring av

den 48. årlege EARIE-konferansen i Bergen i 2021. Grunna covid-19-pandemien måtte arrangementet endrast frå fysisk konferanse til digital konferanse. I tråd med endra arrangementsform, vart det lågare finansieringsbehov enn planlagd. Den digitale konferansen vart heldt 27. august – 28. august 2021.